# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Nasjonalparkstyret for Reinheimen** |
| **Møtested:** | Teams, Digitalt |
| **Dato:** | 02.07.2021 |
| **Tidspunkt:** | 0830 – 12:00 |

Eventuelt forfall må meldes snarest til 468 97 683. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Styremøte 02.07.21 blir gjennomført digitalt på Teams.

Det er lagt opp til møte i 3 ½ time. Behov for pauser blir avtalt undervegs.

Vedlegg til sak ST 37/2021, Skjøtselsplan for Gravdehaug - MU2019, og ST 34/2021, etablering fiskesperre i Slettvikvatnet, vert sendt på e-post.

Orienteringar, sak ST 39/2021

- Presentasjon av nye nettsider til Nasjonalparkstyret for Reinheimen
  Lenke til dei nye nettsidene: https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen
- Kommunikasjonsprosjekt med Nasjonalparkriket Reiseliv AS – Besøksstrategi
- Neste styremøte
- Rådgjevande utval
- Evt.

Vel møtt til nok eit digitalt styremøte!

# Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| ST 24/2021 | Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar | | |
| ST 25/2021 | Referatsaker | | |
| | Anmodning om taletid ved kommende nasjonalparkstyremøte for Reinheimen 17-18 juni 2021 | | 2020/14012 |
| | Lom kommune - supplerande merknader til Miljødirektoratet sitt brev 07.04.2021 Bevaring av verdifull natur, faglig vurdering av foreslåtte områder i kategori nasjonalpark | | 2021/4409 |
| ST 26/2021 | Delegerte saker | | |
| DS 29/2021 | Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - 2025 - snødekt mark - leiekjører - Honnsjoen - Syver Flatmo | | 2021/946 |
| DS 30/2021 | Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - motorferdsel - helikopter - Statens vegevesen | | 2021/2256 |
| DS 31/2021 | Delegert sak - dispensasjon - Lordalen lvo - motorferdsel - snødekt mark - Else Marit Tordhol Blomvik | | 2021/2961 |
| DS 32/2021 | Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - motorferdsel - 2021 - 2025 - utkjøring av saltstein - Lia Beitelag v/Geir Marstein | | 2021/2545 |
| DS 33/2021 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021-2025- snødekt mark - nødvendig transport til basestasjon for nødnett på Horrungen (ROL089), Skarvedalseggen (ROL100) - Motorola Solutions Norway | | 2021/458 |
| DS 34/2021 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport til Stammåtjønn - Espen Opsahl | | 2021/2832 |
| DS 35/2021 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - 2021-2022 - transport til Sagahytta - Torsvatnet - Skjåk Almenning | | 2021/2271 |
| DS 36/2021 | Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen lvo - Motorferdsel - barmark - snødekt mark - motorbåt - Tunga - Arild Seyffarth | | 2021/3611 |
| DS 37/2021 | Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2021 -Snødekt mark - Fiskebu (159/1/35)ved Honnsjoen - Flaten Bygg AS | | 2021/3652 |
| DS 38/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Tafjorden -Reindalen LVO - 2021 - helikopter - Heimstevatnet - Djupdalen - Stian Græsdal | | 2021/3063 |

| | | |
|---|---|---|
| DS 39/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel -snødekt mark - motorbåt-Leirungsvatnet - Jarle Randen | 2020/13972 |
| DS 40/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Lordalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - fra Rusten til hytte ved Løstølen - gbnr. 157/1/9 - Mads Magnussen | 2021/2541 |
| DS 41/2021 | Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - Asbjørnsdalen - Lesja kommune | 2021/3145 |
| DS 42/2021 | Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - motorferdsel 2021-2025 - snødekt mark - transport til hytte ved Vesl Lusa og seter på Serringi - Arild Fallingen og Mona Bøhle | 2021/440 |
| DS 43/2021 | Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - Vermedalen 72/11 - Sigri J. Spjelkavik | 2021/3454 |
| DS 44/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - barmark - Trollveggen Triathlon - Trollstigplatået - Stabbeskaret - Norsk Fjellfestival | 2021/2919 |
| DS 45/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Trollstigen LVO - Stikk-UT-tur - Kråkenesvatna - Rauma kommune | 2021/2272 |
| DS 46/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen lvo - motorferdsel - snødekt mark - hytte ved Gammelgarden - Ingeborg Sletta | 2021/2907 |
| DS 47/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - Søre Grønvatne - gbnr 157/1 - Lesja Jeger og Fiskeforening | 2021/2954 |
| DS 48/2021 | Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport av ved til fiskebu - Leirungsvatnet - Magne Frisvold | 2021/3575 |
| DS 49/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av varer og utstyr - Brøste - Horgheimsetra - Gro Suvatne - Kåre Suvatne | 2021/3578 |
| DS 50/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - barmark - Tunga - Vilhelm Seyffarth | 2021/548 |
| DS 51/2021 | Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - Sagbue - Tordsvatnet - Olav Løkken | 2021/3053 |
| DS 52/2021 | Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2021 - snødekt mark - Kroketetjønn - John Teigum | 2021/3932 |
| DS 53/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2021 - transport av saltstein og proviant til beitebuer - Lordalen beitelag v/ Geir Kornkveen | 2021/4002 |

| | | |
|---|---|---|
| DS 54/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorferdsel - barmark / motorbåt - Tunga - Ulvådalsvatnet - Inger Johanne Monge | 2021/4895 |
| DS 55/2021 | Delegert vedtak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av bjelker til ødelagt bru - Grovåskaret - Fremmerbrøste sameierlag | 2021/4537 |
| DS 56/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - bar mark - motorbåt - transport Tungebrua - Sindre Engen | 2021/2270 |
| DS 57/2021 | Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport til seter - eiendomskontroll - Reinhold Reitan Ziegler | 2021/3452 |
| DS 58/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - transport gjerdemateriale og salt - Tordalen - Kjell Egil Ramstad | 2020/4067 |
| DS 59/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av proviant til hytte i Brøstdalen - Eystein Fransplass | 2021/3645 |
| DS 60/2021 | Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - Kabben - Even Lislien | 2021/3906 |
| DS 61/2021 | Delegert vedtak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Einstullie NR - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2023 - barmark - uttransport av elg og hjort - Skjåk Almenning v/ Birgit Bilstad | 2021/1825 |
| ST 27/2021 | Finndalen LVO - oppføring av uteplass - fritidsbolig - Finndalen statsalmenning - Berit og Ola Ramstad | 2020/13048 |
| ST 28/2021 | Finndalen LVO - Oppfølging av uteplass på Vangen gbnr 159/1/77 - Pålegg om retting og forhåndsvarsel om tvangsmulkt | 2019/3491 |
| ST 29/2021 | Finndalen LVO - dispensasjon - 2021 - tilleggsjord til seter på Vangen, Sør-Stulen fnr.66 - Rolv Kjeka | 2021/6776 |
| ST 30/2021 | Finndalen LVO - dispensasjon - 2021 - tilleggsjord og inngjerding av beiteareal til seter på Vangen, Øygardsætre fnr.75 - Trond Elda | 2021/6775 |
| ST 31/2021 | Reinheimen np - Tilbygg på gjetarbu - Råkåhytta - Finndalen beite- og bruksrettslag | 2020/4008 |
| ST 32/2021 | Reinheimen NP - dispensasjon frå bandtvangføresegn - 2021 - 2030 - Lesja og Dovre Fuglehundskole - høyring | 2021/5058 |
| ST 33/2021 | Dispensasjon - Reinheimen nasjonalpark - Organisert ferdsel - Guida turer etter Dølafe - Lesja og Dovre Aktiv | 2021/6191 |
| ST 34/2021 | Trollstigen lvo - dispensasjon - etablering av fiskesperre i utløpselva ved Slettvikvatnet - Øvstestøl sæterlag | 2021/4447 |
| ST 35/2021 | Trollstigen LVO - Dispensasjon - gjetarbu i Steindalen - Hans Martin Gjedrem | 2020/8174 |

| | | |
|---|---|---|
| ST 36/2021 | Romsdalen LVO - dispensasjon - 2021 - oppsetting av gjerde / utmarksnetting rundt hytte - Trollhaugen gbnr 82/27 - Jan Steinar Grøtta | 2021/6015 |
| ST 37/2021 | Romsdalen lvo - Godkjenning av skjøtselsplan for Gravdehaug og Nørdre Sælen | 2019/15334 |
| ST 38/2021 | Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - bruk av kommersielt merke - 2021 - Magnhild Vik - Magnhild Vik | 2020/12408 |
| ST 39/2021 | Orienteringar | |

## ST 24/2021 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

## ST 25/2021 Referatsaker

## Anmodning om taletid ved kommende nasjonalparkstyremøte for Reinheimen 17-18 juni 2021

## Lom kommune - supplerande merknader til Miljødirektoratet sitt brev 07.04.2021 Bevaring av verdifull natur, faglig vurdering av foreslåtte områder i kategori nasjonalpark

**ST 26/2021 Delegerte saker**

**DS 29/2021 Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - 2025 - snødekt mark - leiekjører - Honnsjoen - Syver Flatmo 2021/946**

**DS 30/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - motorferdsel - helikopter - Statens vegevesen 2021/2256**

**DS 31/2021 Delegert sak - dispensasjon - Lordalen lvo - motorferdsel - snødekt mark - Else Marit Tordhol Blomvik 2021/2961**

**DS 32/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - motorferdsel - 2021 - 2025 - utkjøring av saltstein - Lia Beitelag v/Geir Marstein 2021/2545**

**DS 33/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021-2025- snødekt mark – nødvendig transport til basestasjon for nødnett på Horrungen**

**(ROL089), Skarvedalseggen (ROL100) - Motorola Solutions Norway 2021/458**

**DS 34/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport til Stammåtjønn - Espen Opsahl 2021/2832**

**DS 35/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - 2021-2022 - transport til Sagahytta - Torsvatnet - Skjåk Almenning 2021/2271**

**DS 36/2021 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen lvo - Motorferdsel - barmark - snødekt mark - motorbåt - Tunga - Arild Seyffarth 2021/3611**

**DS 37/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2021 -Snødekt mark - Fiskebu (159/1/35)ved Honnsjoen - Flaten Bygg AS 2021/3652**

**DS 38/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Tafjorden -Reindalen LVO - 2021 - helikopter - Heimstevatnet - Djupdalen - Stian Græsdal 2021/3063**

**DS 39/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel -snødekt mark - motorbåt- Leirungsvatnet - Jarle Randen 2020/13972**

**DS 40/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Lordalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - fra Rusten til hytte ved Løstølen - gbnr. 157/1/9 - Mads Magnussen 2021/2541**

**DS 41/2021 Delegert vedtak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - Asbjørnsdalen - Lesja kommune 2021/3145**

**DS 42/2021 Dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - motorferdsel 2021-2025 - snødekt mark - transport til hytte ved Vesl Lusa og seter på Serringi - Arild Fallingen og Mona Bøhle 2021/440**

**DS 43/2021 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - Vermedalen 72/11 - Sigri J. Spjelkavik 2021/3454**

**DS 44/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - barmark - Trollveggen Triathlon - Trollstigplatået - Stabbeskaret - Norsk Fjellfestival 2021/2919**

**DS 45/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Trollstigen LVO - Stikk-UT-tur - Kråkenesvatna - Rauma kommune 2021/2272**

**DS 46/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen lvo - motorferdsel - snødekt mark - hytte ved Gammelgarden - Ingeborg Sletta 2021/2907**

**DS 47/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - Søre Grønvatne - gbnr 157/1 - Lesja Jeger og Fiskeforening 2021/2954**

**DS 48/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport av ved til fiskebu - Leirungsvatnet - Magne Frisvold 2021/3575**

**DS 49/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av varer og utstyr - Brøste - Horgheimsetra - Gro Suvatne - Kåre Suvatne 2021/3578**

**DS 50/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - barmark - Tunga - Vilhelm Seyffarth 2021/548**

**DS 51/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - snødekt mark - Sagbue - Tordsvatnet - Olav Løkken 2021/3053**

**DS 52/2021 Delegert sak - Dispensasjon - Ottadalen LVO - Motorferdsel - 2021 - snødekt mark - Kroketetjønn - John Teigum 2021/3932**

**DS 53/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2021 - transport av saltstein og proviant til beitebuer - Lordalen beitelag v/ Geir Kornkveen 2021/4002**

**DS 54/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorferdsel - barmark / motorbåt - Tunga - Ulvådalsvatnet - Inger Johanne Monge 2021/4895**

**DS 55/2021 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av bjelker til ødelagt bru - Grovåskaret - Fremmerbrøste sameierlag 2021/4537**

**DS 56/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - bar mark - motorbåt - transport Tungebrua - Sindre Engen 2021/2270**

**DS 57/2021 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - transport til seter - eiendomskontroll - Reinhold Reitan Ziegler 2021/3452**

**DS 58/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2021 - transport gjerdemateriale og salt - Tordalen - Kjell Egil Ramstad 2020/4067**

**DS 59/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - transport av proviant til hytte i Brøstdalen - Eystein Fransplass 2021/3645**

**DS 60/2021 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - motorferdsel - snødekt mark - Kabben - Even Lislien 2021/3906**

**DS 61/2021 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Einstullie NR - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2023 - barmark - uttransport av elg og hjort - Skjåk Almenning v/ Birgit Bilstad 2021/1825**

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2020/13048-2 | Saksbehandlar: | Kristine Sørlie | Dato: | 05.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 27/2021 | 02.07.2021 |

# Finndalen LVO - oppføring av uteplass - fritidsbolig - Finndalen statsalmenning - Berit og Ola Ramstad

## Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 c) får Berit og Ola Ramstad avslag på søknad om plattinger til uthus og hytte.
Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Finndalen landskapsvernområde. Plattingar av slik karakter vil kunne skape uheldig presedensverknad og føre til at det verdifulle setermiljøet i Finndalen får ein annan karakter, noko som er i strid ved verneføremålet.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Oversending av søknad frå Berit og Ola Ramstad, Statskog 20.11.2020

## Saksopplysningar

Berit og Ola Ramstad søker om oppføring av to uteplattingar i tre til si hytte, festenr. 11 i Finndalen landskapsvernområde. Søknaden er sendt til Statskog som grunneigar, men Statskog har sendt over søknaden til Nasjonalparkstyret 20.11.20 med slik grunngjering:
Viser til søknad fra Berit og Ola Ramstad, om oppføring av uteplass tilknyttet hytte, festenr. 11, i Finndalen statsallmenning.
Hytta ligger innenfor Finndalen landskapsvernområde der Nasjonalparkstyre for Reinheimen er utøvende forvaltningsmyndighet. Da vernereglene er strengest når det gjelder plattinger i Finndalen, oversendes søknaden for behandling i nasjonalparkstyret før Statskog tar stilling til søknaden.
Dette brev går både til søker og Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

**Søknaden:**
Berit og Ola Ramstad eig hytte på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde, gnr/bnr/fnr:159/1/11. I søknaden under er det skissert å bygge ein treplatting på nordsiden av uthuset på 2,5 x 3,2 m (8 m2), og på utsiden av hytta på 5 x 2,6 m(13 m2).
Plattingene skal byggast i impregnert trevirke.

MOTTATT - 7 OKT. 2020




Oslo 03.10.2020

Statskog SF.
Postboks 63 - Sentrum
7801 Namsos.

Fritidsbolig i Lom - Finndalen - Gnr./Bnr. 159/1.
Søknad om uteplass - Hytte.

Viser til telefonsamtale med Hilde Hammer den 02.10.2020.

Oversender herved søknad om uteplass i impregnert treverke på utsiden av hytta iht. vedlagte bilde/tegning.

Arbeidet ønskes utført sommeren 2021.

Med hilsen
Berit og Ola Ramstad
Slemdalsvn. 54A
0370 Oslo.

tlf. 90169384.

MOTTATT - 7 OKT. 2020






Oslo 03.10.2020

Statskog SF.
Postboks 63 - Sentrum
7801 Namsos.

Fritidsbolig i Lom - Finndalen - Gnr./Bnr. 159/1
Søknad om uteplass. - Uthus

Viser til telefonsamtale med Hilde Hammer den 02.10. 2020.

Oversender herved søknad om uteplass i impregnert treverke på utsiden av uthus iht. vedlagte bilde/tegning.

Arbeidet ønskes utført sommeren 2021.

Med hilsen
Berit og Ola Ramstad
Slemdalsveien 54 A
0370 Oslo
tlf. 90169384.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

## Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrp som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,…

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg, gjerde og liknande. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje føre til endringar av storleik eller eksteriøret på bygningen*. (jf. § 3, pkt. 1.2)

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til
*b) oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og setyerføremål*, og
*c) ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplan.*

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 126 og 127, står det følgjande om Byggeskikk og ombygging og tilbygg (§ 3, pkt. 1.3, b og c):
*Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.*
*Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i*
*Materialval*
*Byggjeteknikk*
*Utforming og farge,*
*jf. opplistinga ovafor.*

*Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.*

***Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c***
*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne tilbygg på og ombygging av eksisterande bygg. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.*

*For landbruksbygg og andre bygg som gjeld utøving av bruksrett skal arealet tilpassast etter driftsmessige behov.*

*Etter søknad kan det bli gjeve løyve til tilbygg og/eller ombygging av eksisterande bygningar i samband med etablering av småskala næringsverksemd knytt til setrane (jf. pkt. 9.6.2).*

*For fritidsbygg kan forvaltningsstyresmakta tillate ei utviding slik at samla areal ikkje overstiger 75 m2 (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus og anneks, maks 3 bygningar. Ved vurdering av storleik på utvidinga skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til omgjevnaden og opprinneleg storleik på bygningen. Høve der det berre blir gjeve løyve til mindre utvidingar er:*
*- i sårbare område som snaufjell eller seterområde*
*- av omsyn til andre bygningar i nærleiken*

*- av andre omsyn der ein bygningsmasse på 75 m2 ikkje er ønskjeleg, t.d. tidlegare praksis, byggjeskikk.*

*Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate.*

### Naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Hytta ligg på Sterringen seterstul, vist med raud ring på kartet under:




Det skal byggast to plattingar, ein på nordsiden av uthuset og ein inntil hytta. Ut i frå skisse i søknaden skal plattingane vera på bakkeplan og byggast i impregnert treverk. Arealet på plattingane utgjer 8 m2 og 13 m2. Plattingar for uteplass er ikkje ein del av den tradisjonelle byggeskikken i landskapsvernområdet.

I byggesaker skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I forvaltningsplan står det at det er 96 byggverk i Finndalen, der 35 er seterhus  og  ca 10 hytter. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seterhus og hytter kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som stor, da setrene i også i aukande grad blir brukt til fritidsføremål. Ein slik utvikling vil kunne føre til at det verdifulle setermiljøet i Finndalen endrar seg og får ein annan karakter, noko som er i strid med verneføremålet.

Platting, terrasse og veranda er også vurdert i utarbeidinga av forvaltningsplan, der slike byggverk er definert som framandelement i den lokale byggjeskikken, og ikkje skal vera tillate. Tiltaket vil vera i strid med ved verneføremålet og dispensasjon kan ikkje gjevast.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2019/3491-20 | Saksbehandlar: | Kristine Sørlie | Dato: | 21.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 28/2021 | 02.07.2021 |

# Finndalen LVO - Oppfølging av uteplass på Vangen gbnr 159/1/77 - Pålegg om retting og forhåndsvarsel om tvangsmulkt

## Innstilling frå forvaltar

1. Med heimel i naturmangfaldlova § 69, får Olav Maurstad, fester av Meramstadsetra gnr.159/1/77, pålegg om å rette opp det ulovlege forholdet på Meramstadsetra i Finndalen landskapsvernområde.

   Tiltaket på Meramstadsetra skal rettast slik at den frittståande uteplassen/plattingen rives og fjernast. Uteplassen på setertunet skal attendeførast til slik det var før oppføring av det ulovlege byggverket.

   Følgjande forhold skal rettast:
   a. Heile den frittståande uteplassen/plattingen skal fjernast. Dette inkluderar, tak, 4 leveggar, gulv og trapp, og evt fundamentering.
   b. Bygningsmaterialer som blir tatt ned skal enten fjernast frå setra eller lagrast på setra utan at lagringa verkar skjemmande.
   c. Terrenget der plattingen sto skal tilordnast på skånsomt vis, og attendeførast slik det var før vernevedtaket i 2006.

   Fristen for gjennomføring av pålegg skildra i pkt. 1-3 over er **18.oktober 2021.**

   Klage:
   Vedtak om retting kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.
   I medhald av forvaltningslova §§ 18-19 har du høve til å gjera deg kjent med dokument i saka. Ta kontakt med saksbehandlar om det er aktuelt.

2. Med heimel forvaltningslova § 16 vil Nasjonalparkstyret for Reinheimen varsle om at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt for å sikre at det ulovlege forholdet blir retta, jf. naturmangfaldlova § 73. Vedtak vil gå ut på at ein tvangsmulkt på **NOK 15 000**,- løper dersom vi ikkje har fått dokumentasjon på at forholdet blir retta innan fristen.

   Det er høve til å kommentere forholdet og varselet om tvangsmulkt. Eventuelle kommentarar må sendast til nasjonalparkstyret for Reinehimen innan **16.juli 2021**.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Oppfølging av avgjersle i klagesak – vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen, 24.09.2019
- Miljødirektoratet si avgjersle i klagesak – sak 2019/4773, 03.07.2019

- Behandlilng av klage – vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 18.03.2019
- Avslag på søknad om frittståande uteplass/platting – vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen 03.12.2018
- Søknad om etterfølgjande dispensasjon frå Olav Maurstad
- Veileder M-617|2016, om Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder.

## Saksopplysningar

Stutt historikk i saka:
Nasjonalparkstyret for Reinheimen fekk informasjon om eit ulovleg byggetiltak på Meramstadsetra i Finndalen landskapsvernområde i 2015, men venta med oppfølging etter vernereglar og naturmangfaldlova, da status på setra var til endeleg avklaring i Landbruksdirektoratet. 27.09.2018 sendte Nasjonalparkstyret brev til festar av Meramstadsetra for å orientere om vernereglar og brot på verneforskrift. I brevet av 27.09.18 ble det orientert om at både tilbygg på seterfjøs og oppføring av nytt byggverk utan at det er gjeve dispensasjon, vert rekna som brot på verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde § 3. Etter reglane om førehandsvarsling i forvaltningslova § 16, gav Nasjonalparkstyret for Reinheimen søkjaren ein frist innan 01.08.18.for å orienter om forholdet og eventuelt søkje om etterfølgjande dispensasjon for dei gjennomførte tiltaka.

Søknad om byggetiltak på setra frå vart motteke innan fristen, og Nasjonalparkstyret for Reinheimen gjorde følgjande vedtak om ny uteplass/platting, 03.12.2018 (FMOPSak: 2016/8411)
***«Ny uteplass/platting:***
*Med heimel i verneforskrift for Finndalen lvo § 3 pkt. 1.3. b) får Olav Maurstad avslag på søknad om frittståande uteplass/platting i setertunet. Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Finndalen landskapsvernområde.»*



*Foto: Meramstadsetra, fnr. 77, på Vangen i Finndalen landskapsvernområde.*


*Foto: Frittståande uteplass/platting på Meramstadsetra*

Vedtaket vart påklaga av søkjar, men Nasjonalparkstyret for Reinheimen tok ikkje klaga til følgje, og sendte 26.03.19 klaga med saksdokument over til Miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

Miljødirektoratet har gjennom si klagebehandling stadfesta Nasjonalparkstyret sitt vedtak i saka, har i brev datert 03.07.2019 gjort slik endeleg vedtak i saka:
*«Miljødirektoratet tar ikke klagen til følge og stadfester nasjonalparkstyrets vedtak datert 3. desember 2018. Miljødirektoratet sin avgjørelse er endelig og kan ikke påklages videre, jf. forvaltningsloven § 28.»*

Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak av 03.12.18 er endeleg, og stadfesta i klagebehandlinga:
**«***Med heimel i verneforskrift for Finndalen lvo § 3 pkt. 1.3. b) får Olav Maurstad avslag på søknad om frittståande uteplass/platting i setertunet. Bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggjeskikken og skal ikkje vere tillate, jf. vernereglane i Finndalen landskapsvernområde.»*

Nasjonalparkstyret skal som forvaltningsmyndigheit følgje opp ulovlige forhold i verneområder med pålegg om retting og stans, og sendte brev 30.09.19 til eigar av seterhusa, for å varsla om at festar av Meramstadsetra pliktar å bringe det ulovlege forholdet i orden jf. naturmangfaldlova § 69. Samtidig bad nasjonalparkstyret om at uteplassen vart fjerna og rydda innan 30.08.2020, og varsla om at det kan gjevast eit mogleg pålegg om retting og tvangsmulkt, jf. naturmangfaldlova §§ 69 og 73.

Festar av Meramstadsetra har fått høve til å bringe det ulovlege forholdet i orden innan 30.08.2020, men uteplassen/plattingen var ikkje fjerna inna fristen. Dette er dokumentert ved foto under tatt 20.09.2020, og rapport frå oppsyn i Finndalen 22.06.2021.



*Foto: Uteplass Meramstadsetra, 20.09.2020*



*Foto: Uteplass Meramstadsetra, 22.06.22021*

Nasjonalparkstyret har varsla eit pålegg, og må no påleggje retting innan ein frist, jf. naturmangfaldlova § 69, og samtidig sende førehandsvarsel om mogleg tvangsmulkt, jf. naturmangfaldlova § 73.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.
Det følger også av vedtekter for Nasjonalparkstyret for Reinheimen, at styret har eit sjølvstendig ansvar for å følgje opp brot på vernereglane, jf. vedtekter pkt. 8.5:

*«**8.5 Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene, rapportar og melding til politiet***

*Styret har som forvaltningsstyresmakt eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på*

*verneforskriftene som styret får kjennskap til blir rapportert/meldt til politiet dersom det er grunn til å anta at forholdet er straffbart.*
*Kopi av melding til politiet/rapport, samt avgjerd frå politiet skal sendast Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Der administrative sanksjoner er aktuelt jf naturmangfoldloven kap. IX, skal styret sende over ein rapport om forholdet til Fylkesmannen - med kopi til Miljødirektoratet.»*

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har som forvaltningsmyndigheit det primære ansvaret for å følgje opp regelbrot med pålegg om retting og stans. Det vert her vist til Miljødirektoratet sin veileder M-617|2016, om Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder. Forvaltningsmyndigheita har verkemiddel knytt til oppfølging av ulovlege forhold med heimel i naturmangfaldlova §§ 69, 71 og 73.

**Naturmangfaldlova §§ 69 og 73**
Retting og avbøtande tiltak, § 69
*For å kreve retting av et forhold som allerede er utført, eller stans av et pågåande forhold, kreves at handlingen eller forholdet er i strid med naturmangfoldloven eller forskrifter eller enkeltvedtak i medhold av denne loven. Det er ikke et krav om at det har oppstått skade på naturmangfoldet eller at det er fare for slik skade, det er tilstrekkelig at handlingen ikke er tillatt. Tiltak som klart er i strid med loven, en forskrift eller et vedtak, bør kreves rettet. Dersom retting varig vil forverre situasjonen for naturmangfoldet, bør pålegg om retting imidlertid ikke gis. Pålegg om retting kan for eksempel gå ut på å kreve riving og fjerning av ulovlige bygninger, anlegg og konstruksjoner. Hovedregelen er at pålegg om retting og stans skal varsles i forkant, slik at vedkommende part får anledning til å uttale seg til et mulig pålegg. Forvaltningsloven setter krav til innhold i et slikt varsel og det skal vanligvis gi en frist på 2 uker for å uttale seg til varselet.*

Tvangsmulkt, § 73
*Formålet med tvangsmulkt er å sikre at loven og bestemmelser i medhold av den blir etterlevd. Tvangsmulkt er ikke straff, og det skal alltid være mulig for den ansvarlige å unngå tvangsmulkten. Bruk av tvangsmulkt fritar ikke den ansvarlige fra plikten til å gjennomføre det aktuelle pålegget, f.eks. å foreta retting av et forhold. Tvangsmulkt hindrer heller ikke politianmeldelse dersom saken er alvorlig nok til det. Beslutning om tvangsmulkt bør som hovedregel tas uavhengig av om forholdet anmeldes og ikke legges på vent i påvente av behandlingen i politiet. Vilkår for å anvende tvangsmulkt er at det foreligger en plikt og at denne er klar og tydelig. Det må også være mulig å overholde plikten. Foreligger det tvil om hvorvidt plikten kan oppfylles for eksempel på grunn av forhold utenfor den ansvarliges kontroll, bør tvangsmulkt ikke brukes.*

Veileder M-617|2016, s. 14:
***«Forhåndsvarselet** må redegjøre for hva saken gjelder, jf. forvaltningsloven § 16. Det må klart angis hva den ansvarlige plikter å gjøre for å unngå at tvangsmulkt løper, fristen for gjennomføring og tvangsmulktens størrelse. Det anbefales at parten gis en frist på 1-2 uker for å komme med sine merknader til varselet, før et evt. vedtak fattes. Beløpets størrelse fastsettes etter en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle, men bør settes tilstrekkelig høyt til at den får ønsket effekt. Det kan sees hen til eksisterende praksis etter plan- og bygningsloven og forurensningsloven.*
*Ofte gis generell informasjon om forvaltningsmyndighetens adgang til å treffe vedtak om tvangsmulkt i selve det vedtaket som fastsetter plikten. Dette tilfredsstiller imidlertid ikke i seg selv kravene til forhåndsvarsel. Det kan imidlertid vurderes å forhåndsvarsle tvangsmulkt i selve pålegget om retting dersom det er ønskelig at tvangsmulkten skal igangsettes så snart fristen for å rette er gått ut. De kravene som gjelder til forhåndsvarselet må i tilfelle fremgå av vedtaket og tiltakshaver må også ha anledning til å uttale seg til dette.»*

## Vurdering

Denne saka dreier seg om å følgje opp eit endeleg avslag på søknad om byggetiltak som er i strid med verneføremålet, stadfesta etter klagebehandling i miljødirektoratet. Sidan plattingen/uteplassen også var oppført før det vart søkt om dispensasjon, finst det og eit forhold som er i strid med enkeltvedtaket, og det vil vera eit formelt grunnlag for å kunne krevje retting.

Den som har brote regelverket har sjølv ein plikt til å stanse eller rette opp forholdet utan at det er gjeve eit formelt pålegg. Forvaltninga kan derfor alltid peike på dette overfor overtredaren og be om at det på frivillig basis blir rydda opp. I denne saka har ikkje overtredaren ordna opp frivillig innan fristen, og det må treffast eit formelt rettingsvedtak etter naturmangfaldlova § 69. Det er likevel slik at den lovfesta plikten til retting ikkje skal bli for tyngande for overtredaren, og gjeld så langt den ikkje verkar urimeleg. I dette tilfelle er det rimeleg å krevje riving av den oppførte uteplassen/plattingen, ut i frå ei kostnadsmessig vurdering innan ein rimeleg frist.

Eit pålegg om retting bør også gjevast i saman med førehandsvarsel om mogleg tvangsmulkt, jf. naturmangfaldlova § 73.

Skildring av pålegget

Sekretariatet tilrår at nasjonalparkstyret gir pålegg om retting, ved at heile den frittståande uteplassen/plattingen rives og fjernast, inkludert tak, 4 leveggar, gulv og trapp, og evt fundamentering. Uteplassen på setertunet skal attendeførast til slik det var før oppføring av det ulovlege byggverket, før 2015. Bygningsmaterialar som blir tatt ned skal enten fjernast frå setra eller lagrast på setra utan at lagringa verkar skjemmande. Terrenget der plattingen var skal tilordnast på skånsomt vis, og attendeførast slik det var før vernevedtaket i 2006.

Frist for gjennomføring

Den ansvarlege har fått god frist med moglegheit for å bringe det ulovlege forholdet i orden. Finndalsvegen er vinterstengd, og er normalt open og farbar frå tidleg i juni til seinhausten i månadsskifte oktober-november. Frist for gjennomføring av pålegg bør settast til **18.oktober 2021.**

Førehandsvarsling om tvangsmulkt

Det er usikkert om pålegget blir gjennomført utan tvangsmulkt. Den ansvarlege har som tidlegare nemnd, fått romslig tid på å bringe forholdet i orden utan pålegg frå nasjonalparkstyret. Dersom den ansvarlege ikkje rettar seg etter pålegget om retting, og fristen for gjennomføring oversittes, skal nasjonalparkstyret fastsette tvangsmulkt, jf. naturmangfaldlova § 73. Fastsetting av tvangsmulkt skal følgje forvaltningslova sine reglar, og skal førehandsvarslast. Tvangsmulkt skal sikre at det ulovlege forholdet blir retta, og det blir i dette tilfelle vurdert å fastsette eit eingangsbeløp på **NOK 15 000**, som løper når fristen for å gjennomføre oppretting er oversittet. Den ansvarlege skal gjevast ein frist på 1-2 veker for å kunne gje merknader til varselet, før eit evt. vedtak blir fatta.

Nasjonalparkforvaltaren vil likevel peike på at den enkelte som har overtrådt regelverket, sjølv har plikt til å stanse eller rette opp i regelbrotet uavhengig av om det er gjeve eit formelt pålegg, jf. naturmangfoldloven § 69. Sekretariatet tilrår derfor at nasjonalparkstyret i fyrste omgang pålegg oppretting, og samtidig varslar om at dersom det ikkje blir ordna opp i forholdet, kan det være aktuelt å gje pålegg om tvangsmulkt for å få rettingen gjennomført.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2021/6776-2 | Saksbehandlar: | Kristine Sørlie | Dato: | 24.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 29/2021 | 02.07.2021 |

# Finndalen LVO - dispensasjon - 2021 - tilleggsjord til seter på Vangen, Sør-Stulen fnr.66 - Rolv Kjeka

## Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. g) og h), får Rolv Kjeka dispensasjon til å rydde vegetasjon og gjerde inn 13 daa nytt beiteareal på inntil si seter på Vangen i Finndalen landskapsvernområde.
Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Arealet skal ryddast gradvis for vier, småbjørk og einer, og kan beitekultiverast. Bruk av kunstgjødsel skal unngåast, slik at ein får etablering av naturengartane som preger naturbeitemarka i seterområdet.
- Arealet på 13 daa skal gjerdast inn saman eksisterande seterkve med f.nr. 66
- Gjerdet skal vera av same tradisjonelle gjerdetype som på eksisterande seterkve. Tradisjonelle gjerdetypar som stakitt, eller nettinggjerde med treplank øvst på gjerdet kan brukast.
- I samsvar med skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde, skal gamle gjerdestolpar brukast opp att ved inngjerding. Gamle gjerdestolpar med forekomst av verdifulle lavarter som furusotbeger og vanleg sotbeger skal bevarast i seterområdet. Alternativt skal det brukast nye ubehandla gjerdestolpar av malma furu.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- E-post frå Finndalen fjellstyre 09.06.21 med søknad frå Rolv Kjeka og Trond Elda om tilleggsjord til beite
- Vedtak i Finndalen fjellstyre, 21.04.21, sak 6/21
- Skjøtselsplan for Finndalen lvo, MU2019-17

## Saksopplysningar

Rolv Kjeka har seter på Sørstulen, fnr.66, på Vangen i Finndalen landskapsvernområde, og har søkt Finndalen fjellstyre om å få utvist eit areal på 13 daa for opparbeiding av nytt beite inntil si eksisterande seterkve. Bakgrunn for søknaden er at søkjar har gjeve Trond Elda, med seter på f.nr. 74, tilbod om å overta to seterkveer, med f.nr.71, på totalt 13 daa som grenser inntil Elda si seter. Søknaden gjeld kompensasjon for dette beitearealet, slik at Rolv Kjeka får samla sine beiteareal inntil si seter på Sørstulen, f.nr. 66.




Finndalen fjellstyre behandla saka 21.04.21, og har saman med Statskog utvist det nye beitearealet 08.06.21. Endeleg kartforretning blir ikkje gjort før nasjonalparkstyret har behandla søknaden etter verneforskrift.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

## Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Finndalen lvo, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 2009

## Verneformål – forskrift

<u>Formål § 2:</u>
*Formålet med Finndalen landskapsvernområde er å:*
*- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø,*

*vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
*- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.*
*- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.*
*- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.*
*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Finndalen landskapsvernområde er jf. § 3, pkt. 1.1 *verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

### Forvaltningsplan

***Oppattaking og nydyrking § 3, pkt 1.3, g***
*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til nydyrking og etablering av nyekulturbeiter. Ved søknader om oppattdyrking og nydyrking skal det gjerast greie for følgjande forhold:*
*Tiltaket sin verknad på landskapet når det gjeld inngrep i andre landskapselement, eksponering og innsyn og biologisk mangfald*
*Om det er vurdert alternative areal*
*Om det finst tilgjengeleg jord til leige eller for kjøp*
*Viss ein brukar har jordbruksareal der det er registrert kulturminne eller vatningsanlegg som er til ulempe for drifta, skal dette tale til fordel for søknad om nydyrking.*
*Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til opning av nye innlegg der det blir gjort beitekultivering i form av risknusing og gjødsling.*

***Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3, h, jf 1.2, a.***
*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til gjerding i utmark i den grad det er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar som skigard, stakitt, steingjerde eller einergjerde. Det skal også kunne nyttast nettinggjerde eller straumgjerde.*
*Sanketrøer bør plasserast innåt anna inngjerd område.*
*Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.*

### Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (Formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7(prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## Vurdering

Kjekasetre (159/1/66) ligg på Sørstulen på Vangen, ca. 900 meter over havet. Setra ligg på nordsida av Råkå elva og Finna elv. Setrene på Vangen er i stor grad påverka av Råkå elva som har ei særleg aktiv elvevifte som har mange små og store flomløp som pregar landskapet kring setrene. Området er elles prega av lang tids bruk og vegetasjonen består av furu, einer, vier og gras som botnvegetasjon. I Seterområdet er det også furu som no ber preg av attgroing.







Arealet  det er søkt om å gjerde inn, ligg inntil eksisterande seterkve, med f.nr.66 og vil totalt utgjere ca. 22 daa.

Kunnskapen om området er god. I Skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde, Rapport MU 2019 – 17, står følgjande om Vangen:

På Vangen er flere setrer og setervoller som ligger spredt utover ei elvevifte som er skapt der Rå-kååi, Låkkra, Tronga og Finna renner sammen. Av i alt 9 setrer hører 7 til gårder i Skjåk og 2 til gårder i Lom. Før Storofsen i 1789 lå alle setrene på Vangen nord for Råkååe. Etter flommen ble alle setrene unntatt Me-Ramstadsætre og Øvre Bakken sætre flyttet til sørsida av elva. Setringa opphørte på Vangen i 1942, og seterkveene blir i dag beitet.

På Vangen er det en blanding av finkornede elveavsetninger og morenemasser med grovere substrat/kornstørrelser. Setergrenda har en blanding av overflatedyrket mark med kultureng, gammel slåttemark og naturbeitemark.
Setrene ligger mer spredt på Vangen, med boreal hei og fjellhei imellom samt noe fjellbjørkeskog

langs Råkååe. Seterkveene har i større grad enn på Breistulen og Sterringen semi-naturlig eng (T32), for det meste intermediær og svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg, mens det er noen få og små arealer med oppdyrket varig.

På Staurustøygardsætre er det intermediær tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-13) og noe svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-15), mens det på nabosætra Hågåsætre er intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4) og svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg (T32-C-16), samt et mindre areal med oppdyrket varig (T45-C-1).
Oppdyrket varig utgjør størsteparten av arealet med kulturmark på På Øvre Bakken sætre, men det er også svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling på deler av setervollen, i tillegg til en del intermediær eng med klart hevdpreg. I nedre del av setervollen her går det over til fukteng og kildepreget myr.
Me-Ramstadsætre har intermediær tørreng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling (T32-C-14) og små arealer med svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg, i tillegg til en del oppdyrket varig eng (T45-C-1). På Øygardsætre er det både oppdyrket varig eng, semi-naturlig myr og intermediær eng med mindre hevdpreg og klart hevdpreg.
Beitetrykket er betydelig lavere på Vangen enn på Sterringen og Breistulen. Særlig viser dette seg på utmarksarealene, og det er nesten ikke naturbeitemark utenfor inngjerdede områder i setergrenda. På kveene varierer beitetrykket naturlig nok mer, og i hovedsak er det moderat og godt tilpasset beiteressursene.



Når det gjeld rødlistede lav i seterggrendene i Finndalen er dei kartlagt i 2020 av Miljøfagleg utredning. I Rapport MU2021-22 er det gjeve råd om å ta vare på forekomsten av dei røudelisa lavartane; furusotbeger og vanleg sotbeger, ved å gjenbruke furutømmer og furustolpar ved utskifting av gjerder, som vist på foto t.h. I tillegg er det tilrådd å sette opp att gamle furustolpar som har blitt liggjande på marka, da markfuktigheit gjer at artane forsvinner.

Seterområda i Finndalen har vore i bruk langt attende i historisk tid og bruken har endra seg relativt lite. Med inngjerding av beiteareal vil ein få meir konsentrert beiting, og legge til rette for etablering av naturengartane som pregar naturbeitemarka i seterområdet. Dette kan og gje eit rikare artsmangfald. Økosystembelastninga er såleis liten og tiltaket kan vere positivt om artsmangfaldet viser seg å rikare på arealet.

Kunnskapsgrunnlaget i området er godt jf. naturmangfaldlova § 8, og fordelen med tiltaket er stor og ulempene små. Utviding og inngjerding av nytt beiteareal vil heller ikkje føre til ulemper for verneverdiane i landskapsvernområdet. Vilkår vil og kunne bøte for eventuelle ulemper.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2021/6775-2 | Saksbehandlar: | Kristine Sørlie | Dato: | 25.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 30/2021 | 02.07.2021 |

# Finndalen LVO - dispensasjon - 2021 - tilleggsjord og inngjerding av beiteareal til seter på Vangen, Øygardsætre fnr.75 - Trond Elda

## Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde, § 3, pkt. g) og h), får Trond Elda dispensasjon til å rydde vegetasjon og gjerde inn nytt beiteareal på 18 daa, saman med eksisterande beiteareal, fnr.71, på Vangen.

Dispensajson er gjeve med følgjande vilkår:

- Arealet skal ryddast gradvis for vier, småbjørk og einer, og kan beitekultiverast. Bruk av kunstgjødsel skal unngåast, slik at ein får etablering av naturengartane som preger naturbeitemarka i seterområdet.
- Arealet på ca. 18 daa skal gjerdast inn saman eksisterande inngjerda beiteareal, f.nr. 71 og 74.
- Gjerdet skal vera av same tradisjonelle gjerdetype som på eksisterande seterkve. Tradisjonelle gjerdetypar som stakitt, eller nettinggjerde med treplank øvst på gjerdet kan brukast.
- I samsvar med skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde, skal gamle gjerdestolpar brukast opp att ved inngjerding. Gamle gjerdestolpar med forekomst av verdifulle lavarter som furusotbeger og vanleg sotbeger skal bevarast i seterområdet. Alternativt skal det brukast nye ubehandla gjerdestolpar av malma furu.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- E-post frå Finndalen fjellstyre 09.06.21, med søknad frå Trond Elda om etablering av nytt beiteareal
- Vedtak i Finndalen fjellstyre, 21.04., sak 6/21
- Skjøtselsplan for Finndalen lvo, MU2019-17

## Saksopplysningar

Trond Elda er festar av Øygardsætre, fnr. 75, og areal med fnr. 74, på Vangen i Finndalen landskapsvernområde. Han har søkt Finndalen fjellstyre om å få utvist eit nytt beiteareal på Vangen for inngjerding. Bakgrunn for søknaden er driftsmessige behov, da han har auka mjølkeproduksjon, bygd opp ei ammekubesetning og har ei besetning med sau. Dyra går stort sett op utmarksbeite, men det er behov for tilstrekkeleg inngjerda beiteareal i løpet av beitesesongen for å ha kontroll på dyra, særleg på hausten når det og vert stilt krav om tidleg sanking. Trond Elda har også fått tilbod om å overta to beitekveer frå Rolv Kjeka med f.nr.71, på totalt 13 daa, som grenser inntil Elda sitt beiteareal med fnr. 74.




Finndalen fjellstyre behandla saka 21.04.21, og har saman med Statskog utvist det nye beitearealet 08.06.21, som flyfoto over viser. Endeleg kartforretning blir ikkje gjort før nasjonalparkstyret har behandla søknaden etter verneforskrift.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

## Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Finndalen lvo, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 2009

## Verneformål – forskrift

Formål § 2:
*Formålet med Finndalen landskapsvernområde er å:*
*- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
*- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.*

*- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.*
*- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.*
*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Finndalen landskapsvernområde er jf. § 3, pkt. 1.1 *verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

### Forvaltningsplan

***Oppattaking og nydyrking § 3, pkt 1.3, g***
*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til nydyrking og etablering av nyekulturbeiter. Ved søknader om oppattdyrking og nydyrking skal det gjerast greie for følgjande forhold:*
*Tiltaket sin verknad på landskapet når det gjeld inngrep i andre landskapselement, eksponering og innsyn og biologisk mangfald*
*Om det er vurdert alternative areal*
*Om det finst tilgjengeleg jord til leige eller for kjøp*
*Viss ein brukar har jordbruksareal der det er registrert kulturminne eller vatningsanlegg som er til ulempe for drifta, skal dette tale til fordel for søknad om nydyrking.*
*Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til opning av nye innlegg der det blir gjort beitekultivering i form av risknusing og gjødsling.*

***Gjerde- og sanketrøer § 3, pkt 1.3, h, jf 1.2, a.***
*Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til gjerding i utmark i den grad det er nødvendig for landbruksdrifta eller skjøtsel av kulturlandskapet. Gjerding skal kunne skje med tradisjonelle gjerdetypar som skigard, stakitt, steingjerde eller einergjerde. Det skal også kunne nyttast nettinggjerde eller straumgjerde.*
*Sanketrøer bør plasserast innåt anna inngjerd område.*
*Det blir ikkje opna for å gjerde inn hytter og buer.*

### Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (Formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7(prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## Vurdering

Trond Elda har Øygardsætre (159/1/75) på Vangen, ca. 900 meter over havet. Setra ligg på sørsida av Finna elv og  Råkå elva. I tillegg har søkjar tilleggsarealet med fnr. 74 nord for Finna. Setrene på Vangen er i stor grad påverka av Råkå elva som har ei særleg aktiv elvevifte som har mange små og store flomløp som pregar landskapet kring setrene. Området er elles prega av lang tids bruk og vegetasjonen består av furu, einer, vier og gras som botnvegetasjon. I Seterområdet er det også furu som no ber preg av attgroing. Foto under viser vegetasjon på det nye arealet.



*I kartet under er omsøkt tilleggsareal samt eksisterende beiteareal markert. Øygardsætre med fnr. 75 er lengst ned på kartutsnittet.*





*Flyfoto gir oversikt over eksisterande beiteareal og nytt areal, samt registrering av furusotbegerlav på Vangen.*

Arealet  det er søkt om å gjerde inn, ligg inntil eksisterande seterkve, med f.nr. 71, som søkjar skal ta over.

Kunnskapen om området er god. I Skjøtselsplan for Finndalen landskapsvernområde, Rapport MU 2019 – 17, står følgjande om Vangen:
På Vangen er flere setrer og setervoller som ligger spredt utover ei elvevifte som er skapt der Råkååi, Låkkra, Tronga og Finna renner sammen. Av i alt 9 setrer hører 7 til gårder i Skjåk og 2 til gårder i Lom. Før Storofsen i 1789 lå alle setrene på Vangen nord for Råkååe. Etter flommen ble alle setrene unntatt Me-Ramstadsætre og Øvre Bakken sætre flyttet til sørsida av elva. Setringa opphørte på Vangen i 1942, og seterkveene blir i dag beitet.

På Vangen er det en blanding av finkornede elveavsetninger og morenemasser med grovere substrat/kornstørrelser. Setergrenda har en blanding av overflatedyrket mark med kultureng, gammel slåttemark og naturbeitemark.
Setrene ligger mer spredt på Vangen, med boreal hei og fjellhei imellom samt noe fjellbjørkeskog langs Råkååe. Seterkveene har i større grad enn på Breistulen og Sterringen semi-naturlig eng (T32), for det meste intermediær og svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg, mens det er noen få og små arealer med oppdyrket varig.

På Staurustøygardsætre er det intermediær tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-13) og noe svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C-15), mens det på nabosætra Hågåsætre er intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4) og svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg (T32-C-16), samt et mindre areal med oppdyrket varig (T45-C-1).
Oppdyrket varig utgjør størsteparten av arealet med kulturmark på På Øvre Bakken sætre, men det er også svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling på deler av setervollen, i tillegg til en del intermediær eng med klart hevdpreg. I nedre del av setervollen her går det over til fukteng og kildepreget myr.
Me-Ramstadsætre har intermediær tørreng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling (T32-C-

14) og små arealer med svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg, i tillegg til en del oppdyrket varig eng (T45-C-1). På Øygardsætre er det både oppdyrket varig eng, semi-naturlig myr og intermediær eng med mindre hevdpreg og klart hevdpreg.
Beitetrykket er betydelig lavere på Vangen enn på Sterringen og Breistulen. Særlig viser dette seg på utmarksarealene, og det er nesten ikke naturbeitemark utenfor inngjerdede områder i setergrenda. På kveene varierer beitetrykket naturlig nok mer, og i hovedsak er det moderat og godt tilpasset beiteressursene.



Når det gjeld rødlistede lav i seterggrendene i Finndalen er dei kartlagt i 2020 av Miljøfagleg utredning. I Rapport MU2021-22 er det gjeve råd om å ta vare på forekomsten av dei røudelisa lavartane; furusotbeger og vanleg sotbeger, ved å gjenbruke furutømmer og furustolpar ved utskifting av gjerder, som vist på foto t.h. I tillegg er det tilrådd å sette opp att gamle furustolpar som har blitt liggjande på marka, da markfuktigheit gjer at artane forsvinner.

Seterområda i Finndalen har vore i bruk langt attende i historisk tid og bruken har endra seg relativt lite. Med inngjerding av meir beiteareal som det er søkt om, vil ein få eit samanhengande større areal med meir konsentrert beiting, og legge til rette for etablering av naturengartane som pregar naturbeitemarka i seterområdet. Ved å overta fnr. 71 vil ein og kunne oppretthalde beitetrykket her som og kan gje eit rikare artsmangfald. Økosystembelastninga er såleis liten og tiltaket kan vere positivt om artsmangfaldet viser seg å rikare totalt på areala.

Kunnskapsgrunnlaget i området er godt jf. naturmangfaldlova § 8, og fordelen med tiltaket er stor og ulempene små. Utviding og inngjerding av nytt beiteareal er knytt til driftsmessige behov i landbruket, og er til fordel for verdiane i landskapsvernområdet. Vilkår vil og kunne bøte for eventuelle ulemper.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2020/4008-2 | Saksbehandlar: | Kristine Sørlie | Dato: | 08.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 31/2021 | 02.07.2021 |

# Reinheimen np - Tilbygg på gjetarbu - Råkåhytta - Finndalen beite- og bruksrettslag

## Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, c), får Finndalen beite- og bruksrettslag dispensasjon til å bygge på 7,35 m2 til tilsynsbua Råkåhytta. Føremålet med byggetiltaket er uthus for lager av ved, salt og anna utstyr knytt til beitelaget.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Det skal byggjast på 7,35 m2 mot vest, slik at tilsynsbua etter utviding har eit utvendig areal på 24,75 m2.
- Det skal settast inn vindauge mot sør og dør på nordsida av tilbygget, som vedlagt skisse i søknaden. Nytt vindauge skal ha to ruter som i skisse.
- Fundamentering skal være tørrmur, og det kan plukkast lokal stein ved hytta.
- Takmaterialet skal vera bølgeblekk som på eksisterande hytte.
- Utvendig kledning skal være ståande panel, og skal påførast same farge som på eksisterande tilsynsbu.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **24.06.2024.**
SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensason gjeld i høve verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygingslova.
--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad frå Finndalen beite- og bruksrettslag v/Hans Jørgen Bøye, 10.03.2020
- Vedtak i Finndalen fjellstyre, 18.05.20, sak 14/20., registrert på e-post 09.06.21
- Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldlovens § 48.

## Saksopplysningar

### Søknaden

Finndalen beite- og bruksrettslag søkjer om tilbygg på Råkåhytta i Reinheimen nasjonalpark.
Finndalen beite- og bruksrettslag har 2 tilsynsbuer i verneområdet, - Døktahytta i Otttadalen lvo og Råkåhytta i Reinheimen np.
Råkåhytta er ei eldre og enkel hytte med 2 rom på 17,4 m2, som det er behov for å bygge på, for uthusfunksjon til mellom anna lagring av ved. Det er søkt om eit tilbygg på 7,1 m2, til eksisterande hytte. Tilbygget skal oppførast i tre, og taketmaterialet skal være stålplater som på eksisterande hytte. Til fundamentering er det ønskje om å bruke lokal stein.
Føremålet er uthusfunksjon, og det vil i følgje søknaden ikkje endre omfanget på bruken av hytta.



Foto av Råkåhytta over, og skisser av fasade og planløysning med mål under.







Finndalen fjellstyre behandla søknaden etter seterforskrifta §5, 18.05.20, og har gjeve løyve til å byggje på Råkåhytta.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

**Søknaden vert vurdert etter:**

- Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr.100.

## Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep av alle slag, jf. verneforskrift § 3, pkt. 11.1., mellom anna *oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

Reglane i pkt. 1.1. skal ikkje vere til hinder for: *a) Vedlikehald av eksisterande bygningar, kjørespor og andre innretningar. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding av bygningar. Vedlikehald av bygningar skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk. Eksisterande anlegg og køyrespor kan haldast ved like slik at dagens standard vert oppretthalde* (jf. § 3, pkt. 1.2)

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til

*b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.*

*c) Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.*

*Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.*

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 38 og 39, står det følgjande om Byggeskikk og ombygging og tilbygg (§ 3, pkt. 1.3, b og c):

*Ombygging § 3, 1.3 b og siste ledd.*
*Etter søknad kan ombygging av eksisterande bygg normalt tillatast.*

*Utviding § 3, pkt 1.3 b.*
*Det skal normalt ikkje godkjennast utviding av eksisterande bygg. Etter søknad kan det likevel godkjennast utvidingar som gjev praktiske forbetringar, lettar vedlikehaldet, aukar tryggleiken, betrar utforminga av huset og tilpassing til landskapet. Utvidingar skal ikkje leggje til rette for auka overnattingskapasitet. Ved vurdering av søknad om utviding skal det leggast vekt på at bygget blir halde i eksisterande storleiksorden, og at nytt bruksareal ikkje blir auka med meir enn 10 %.*

*Fellesbuer til beitebruk og tilsyn § 3, pkt 1.3 c.*
*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til oppføring av fellesbuer ved særleg behov i område med organisert beitebruk i regi av beitelag. Storleik og utforming skal vere tilpassa og avgrensa til det behovet som er knytt til beitebruken. Fellesbuer til beitebruk og*

*tilsyn skal ikkje overstige eit samla areal 40 m2 (BRA) etter Norsk Standard NS3940, inkl. eventuelle uthus.*

### Naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Råkåhytta ligg på ca 1400 moh ca 2 km aust for Råkåvatnet, og er primært brukt i samband med tilsyn av beitedyr i området. Hytta har etter vedlagte skisser, eit utvendig mål på på 17,4 m2. I tillegg har Finndalen fjellstyre oppgjeve at det til hytta høyrer til ein liten utedo, utan at det er oppgjeve mål på den. Tilsynsbua inkl. utedo er ikkje registrert i verneområdeloggen til SNO.

Planskissa i søknad viser ei utviding av hytta på 3,0 m x 2,45 m, 7,35 m2, målt utvendig. Det totale utvendige arealet på hytta etter utviding er 24,75 m2, og utvidinga utgjer over 40% av eksisterande bygingsareal, målt utvendig.
Verneforskrifta og forvaltningsplanen opnar i utgangspunktet berre for utvidingar som gir praktiske forbetringar og lettar vedlikehald, slik at bruksarealet ikkje blir auka meir enn 10% av eksisterande areal. Det er og poengtert at utvidinga ikkje skal auke overnattingskapasitet. Det kan verke som vurdering etter § 3, pkt. 1.3 b) fyrst og fremst er retta mot private hytter og utleigehytter for turistar.

Råkåhytta er ei fellesbu i regi av Finndalen beite- og bruksrettslag, og kjem inn under vurdering etter § 3, pkt. 1.3 c), der storleik og utforming av fellesbuer skal tilpassast lbeitebruksnæringa sitt behov, og ikkje overstige samla 40 m2 inkludert uthus.

Uthus høyrer naturleg til buer som vert nytta ein del, og fellesbuer med fleire brukarar knytt til landbruk/beitebruk, vil ha såpass omfattande bruk at det er behov for å ha ordna lagringsrom for ved, salt og anna utstyr. Tilbygget det er søkt om synest vera godt tilpassa uthusfunksjonen. Ein kan ikkje sjå at tilbygget vil vera i strid med formål for vernet. Det er heller ikkje mange fellesbuer/tilsynsbuer, så det er lite truleg at det blir skapt uheldig presedens ved å risikere mange tilsvarande søknader slik at samla påverknad blir for stor, jf. vurdering etter naturmangfaldlova § 10.

Tilsynsbuene er knytt til landbruksdrifta i beiteområdet, og nytteverdien er vurdert som større enn ulempene. Tiltaka er også vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12, og det er god nok kunnskap om området til å vurdere søknaden, jf. § 8 og 9.

Tilbygget på tilsynsbua vil ikkje føre til auka bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål. Utviding i lengderetning vil ikkje danne kontrast til eksisterande bygg eller vera skjemmande i landskapet. Tilbygget vil vera lite synlege etter påføring av maling.

Det vil i tillegg truleg vera behov for motorisert transport av byggematerialar i samband med bygging. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uroing av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at aktivitet i byggjeperioden vil verke negativt inn på verneverdiane, jf. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder. §11 er ikkje vurdert som relevant i dette tilfellet.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2021/5058-5 | Saksbehandlar: | Kristine Sørlie | Dato: | 11.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 32/2021 | 02.07.2021 |

# Reinheimen NP - dispensasjon frå bandtvangføresegn - 2021 - 2030 - Lesja og Dovre Fuglehundskole - høyring

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen viser til naturmangfaldlova § 49, og tilrår at Lesja kommune gir dispensasjon frå bandtvangsføresegner for ei stuttare periode enn 10 år, slik at ein har høve til å vurdere arrangementet etter t.d 3 år.

Grunngjevinga er at arrangementa med lause fuglehundar ligg i randsona opp til vernegrensa for Reinheimen nasjonalpark, og skal skje i ei sårbar periode for hekke- og yngletida til dyre- og fugleliv.

Nasjonalparkstyret ønskjer og at Lesja og Dovre Fuglehundskole varslar SNO Per Olav Haugen (mobil: 970 57 213 ) eller Thomas Rødstøl (mobil:  915 47 617), *og* villreinutvalet v/Knut Granum (mob: 917 95 303), i forkant av kurs- og treningsdagane, for kontroll på sårbart dyre- og fugleliv.

Nasjonalparkstyret ber også om å få tilsendt rapport etter at kurs og arrangement er gjennomført.

Det kan vera vanskeleg å vurdere vernegrensa i terrenget ovanfor Lesja Heimrast. Om hundane tilfeldigvis er innafor verneområdet, har Nasjonalparkstyret forståing for at det kan skje. Vernemyndigheita vil kunne akseptere at hundar under søk kan komme innafor vernegrensa under kontrollerte former. Slik tilfeldig kryssing av vernegrensa i randsona er vurdert å ikkje vera i strid med verneføremål og verneverdiar, jf. NML § 48.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Høyringsbrev frå Lesja kommune 11.03.21, om 10 års dispensasjon frå båndtvangsføresegner for Lesja og Dovre Fuglehundskole AS
- Brev om utsetting av høyringsfrist, Nasjonalparkstyret for Reinheimen 29.05.21
- Brev frå Lesja kommune om utsett høyringsfrist, 01.06.21

## Saksopplysningar

Lesja kommune har i brev til Nasjonalparkstyret for Reinheimen 11.03.21 bede om høyringsuttale på saka som gjeld dispensasjon frå lov om hundehold § 6, bandtvang 1. april til 20. august, for åra 2021 – 2031 i periodane:

1. april - 10. mai: Hundetrening utan band.
2. 1. aug - 20. aug: Taksering av lirype.

Bakgrunn for dispensasjon frå båndtvangsføresegner er at Lesja og Dovre Fuglehundskole ønskjer å arrangere kurs og treningar for fuglehund i tida 1.april – 10.mai og 1.august til 20.august, innafor området til Lesja Heimrast i randsona opp til verngrensa for Reinheimen nasjonalpark. I perioden 1.august-20.august skal det hovudsakeleg utførast rypetaksering.

I kartet under er det aktuelle treningsområde markert:




Lesja kommune skriv at søkjer har opplyst om at dispensasjon frå bandtvangsføresegn er av avgjerande betydning for bedrifta, da trening i bandtvangsperioden er særleg attraktivt.

For å kunne gjennomføre kurs og treningar ynskjer fuglehundskolen dispensasjon frå hundelova §6. Lovteksten er som følger: «*I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikke den kan jage eller skade storfe, sau, geit, fjærfe, rein, hest eller vilt, herunder viltets egg, reir og bo. […]*». Lesja kommune har med heimel i hundelova § 9 bokstav e moglegheit til å fatte vedtak om at bandtvang ikkje gjeld for: *«særlige bruksformål, avgrensede områder eller nærmere angitte hunderaser eller hundetyper eller for hunder som har særskilt trening, når dette er fastsatt av kommunen ved forskrift eller enkeltvedtak. Ved dette kan kommunen bl.a. legge ut et område som dressurområde for hunder, dersom samtykke som nevnt i § 8 første ledd foreligger.»*

Nasjonalparkforvaltar meiner at det i denne saka må leggast vekt på omsynet til verneverdiane i Reinheimen nasjonalpark, ved avgjersle om det skal gjevast dispensasjon for ei 10 års periode frå båndtvangsreglane, da området ligg inntil vernegrensa for Reinheimen nasjonalpark. Lesja kommune har derfor utsett høyringsfristen slik at nasjonalparkstyret kan behandle saka og gje høyringsuttaleuttale.

## Heimelsgrunnlag

### Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde er verna mot inngrep av alle slag, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1. All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne. Dyrelivet må ikkje forstyrrast

Verneforskrift § 3, Pkt. 4.2.: Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.

### Forvaltningsplan

Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 4.1, 4.2. Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots så lenge dette ikkje er til skade for naturmiljøet. All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.
Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand.

-------------

Det er søknadsplikt for organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet.

### Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova har og ein heimel for å vurdere om aktivitet utanfor eit verneområde kan føre til skade på inn i eit verneområde.
Naturmangfaldlova § 49: *(utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde) Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.*

## Vurdering

Reinheimen nasjonalpark vart verna ved kgl.res. 24.november 2006, der føremålet er å ta vare på eit stort samanhengande villmarksprega fjellområde, med høgfjellsøkosystem og eit eigenarta og variert biologisk mangfald. Å ta vare på leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen nord, er ein sentral del av verneføremålet, jf. verneforskrifta § 2.

I verneområdet er naturmiljøet og dyreartar gjeve eit særskild vern, og omsynet til sårbart plante- og dyreliv skal vaga tungt. Alt vilt med dyr og fuglar i høgareliggjande skog- og fjellterreng innafor verneområdet, har marginale forhold for oppfostring av ungar på seinvinteren. Med stutt hekkesesong, og utfordrande værforhold vert alt vilt i fjellet sårbare for menneskelege aktivitetar og uro i april - mai, når viltet skal ha ro etter ein lang vinter. Det er også bakgrunn for reglar om bandtvang og at nyttekøyring med snøscooter normalt ikkje skal skje etter 20.april innafor verneområdet.

Organiserte jakthundprøvar er ikkje ein aktivitet spesifisert i vernereglane som Nasjonalparkstyret kan gje dispensasjon. Kurs og trening av fuglehund utan kontroll på hund, spesielt i april-mai i verneområdet, kan heller ikkje einast med målet om å ta vare på naturmangfaldet og dyrelivet i høgfjellet, og skal leggjast utanfor vernegrensa til Reinheimen nasjonalpark.

I denne konkrete saka er kurs- og øvingsaktiviteten planlagt utanfor vernegrensa til Reinheimen, men såpass tett inntil vernegrensa at ein kan rekne med at lause hundar under kurs og trening kan komme innafor Reinheimen nasjonalpark i ei sårbar periode på ettervinteren.

I dette konkrete område vil ikkje aktiviteten vera i openberr konflikt med villrein, som på våren normalt trekker til område kring Lordalen til kalvingsområda. Men ein kan heller ikkje utelukka at det er villrein i området. Det vert her vist til villreinutvalet si uttale i saka.

Hundeprøver har vore arrangert i andre randsoner til verneområdet, og er såleis ikkje eit enkelståande tilfelle. Tidspunktet for gjennomføring av slike kurs og hundeprøver når det er innført bandtvang, kan ikkje einast med verneføremålet om å ta vare det biologiske mangfaldet med vekt på villrein sitt leveområde og hekke- og yngletida til anna dyre- og fugleliv. Nasjonalparkstyret meiner at det også må leggast vekt på omsynet til verneverdiane i Reinheimen nasjonalpark, ved avgjersle om det skal gjevast dispensasjon frå båndtvangsreglane i randsona tett inntil grensa for Reinheimen nasjonalpark. Det er relevant å vurdere verknaden tiltaket har på økosystemet ut frå den samla belastninga som økosystemet vil bli utsett for, naturmangfaldlova jf. § 10.

Dispensasjon frå bandtvang for ei 10 års periode vil vera uheldig, da det ikkje er tilstrekkeleg erfaring og kunnskap om samla belastning også for verneverdiane innafor nasjonalparken, jf. vurdering etter naturmangfaldlova § 49, *utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde.*

## Konklusjon

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil tilrå at Lesja kommune gir dispensasjon frå bandtvangsføresegner for ei stuttare periode enn 10 år, slik at ein har høve til å vurdere arrangementet etter t.d 3 år. Grunngjevinga for å gje dispensasjon for ei stuttare periode, er at trening og krus med lause fuglehundar ligg i randsona opp til vernegrensa, og i ei sårbar periode for hekke- og yngletida til dyre- og fugleliv.

Det er og ønskjeleg at vert sett vilkår om at Lesja og Dovre Fuglehundskole varslar SNO Per Olav Haugen (mobil: 970 57 213 ) eller Thomas Rødstøl (mobil: 915 47 617), *og* villreinutvalet v/Knut Granum (mob: 917 95 303), i forkant av kurs- og treningsdagane, for informasjon og kontroll på sårbart dyre- og fugleliv.

Nasjonalparkstyret ber og om å få til sendt rapport etter at kurs og arrangement er gjennomført.

Det kan vera vanskeleg å vurdere vernegrensa i terrenget ovanfor Lesja Heimrast. Om hundane tilfeldigvis er innafor verneområdet, har Nasjonalparkstyret forståing for at det kan skje. Vernemyndigheita vil kunne akseptere at hundar under søk kan komme innafor vernegrensa under kontrollerte former. Slik tilfeldig kryssing av vernegrensa i randsona er vurdert å ikkje vera i strid med verneføremål og verneverdiar, jf. NML § 48.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2021/6191-2 | Saksbehandlar: | Mari Melbø Rødstøl | Dato: | 09.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 33/2021 | 02.07.2021 |

# Dispensasjon - Reinheimen nasjonalpark - Organisert ferdsel - Guida turer etter Dølafe - Lesja og Dovre Aktiv

## Innstilling frå forvaltar

Med heimel forskrift for Reinheimen nasjonalpark §, 3 punkt 5.2. og forskrift for Lordalen landskapsvernområde § 3, punkt 4.1 får Rune Nørstegård løyve til guida tur for å sjå etter Dølafe.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Guidinga skal ikkje skje før juli månad og avsluttas 20. august.
- Om gruppa ser villrein på turen, skal det visast aktsemd og ikkje uroe flokken. Ein må trekke seg unna og gå i motsett retning av flokken.
- Ein må utøve sporlaus ferdsel og unngå uroing av dyre og fugleliv.
- Guidane må sette seg godt inn vernereglar og verneverdiar i dette området.
- Forvaltninga kan krevje at guidinga blir stoppa, dersom det viser seg at tiltaket er til ulempe og skade for verneverdiane i området.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Søknad på e-post frå Rune Nørstegård 3. juni 2021.

## Saksopplysningar

**Søknaden:**
*Dovre og Lesja Aktiv driver i hovedsak Moskussafari på Dovrefjell. Vi ønsker å utvide tilbudet vårt og å spre aktivitetene slik at ikke alt foregår i området Dovrefjell Sunndalen Nasjonalpark der det i perioder av sommeren befinner seg mere folk enn det som er ønskelig av hensyn til naturen og det dyrelivet som lever i disse områdene.*
*I Lordalen har vi seter og som et supplement til våre aktiviteter på Dovrefjell, så ønsker vi å tilby de som ønsker det, en guidet tur rettet mer mot norsk landbruk, husdyr og bondekultur. Det er ikke noen som driver setring i dette dalføret lengre, slik at kontakt med husdyr med få unntak forekommer i utmark. Vi har 6-8 kuer av rasen Dølafe som oppholder seg på utmarks / fjellbeite i Lordalen fra ca 05.juli - til ca 20. august hver sommer. Disse krever tilsyn minst en gang i uka, og det er her vi ønsker å ta med oss folk mot betaling. Etter turen vil vi ta med oss deltakerne til seters (sannsynligvis Bjøknesetera hos Solveig Græsli og Nils Mosenden. Der vil de få servert et måltid tradisjonell gårdskost mens guiden og vertsskapet gir innblikk i setring og gårdsliv fra tidligere tider. Målet med turen er å gi legitimitet til norsk landbruk og vise hvor miljøvennlig måten norske husdyr henter mye av maten sin på. Videre ønsker vi å formidle naturglede til enda flere. Gjort på riktig måte er dette et folkehelsetiltak som virkelig hjelper mange forvirrede mennesker i en travel urbanisert hverdag. Økt naturglede fører til økt forståelse og respekt for den sårbare naturen vi alle er avhengig av. Jeg har i mitt 50 år lange liv hvert i fjellet mellom*

*Storåe og Fellinge for å se etter storfe minst 100 ganger og jeg har enda til gode å møte villrein på disse turene. Før radiobjellenes tid besto turen seg av systematisk "tråling" av fjellet, der jeg med kikkert undersøkte hver en flekk i dette området. Nå har vi radiobjeller på dyrene, noe som gjør arbeidet med å finne kyrne langt enklere, og jeg vil bli svært overrasket om vi nå skulle møte på villrein i dette området. Men dersom det skulle forekomme, så vil vi selvfølgelig trekke oss unna slik vi i dag også gjør på Dovrefjell dersom vi skulle være så uheldige. Jeg vil, dersom dere gir oss tillatelse, føre logg over alle turene vi gjør, fullt navn på alle deltakere og gi opplysninger om hvor i det aktuelle området turen gikk og turens lengde. Dersom dere ønsker at vi gir flere opplysninger, så gjør vi gjerne det. Vi gjør det slik på Dovrefjell i dag dersom vi kommer over skadde eller døde dyr, eller blir vitne til hendelser som forvaltningen kan ha interesse av.*
*Jeg håper at denne saken ikke krever for lang og omfattende saksbehandling. Dette er første året, vi tar det som et prøveprosjekt og jeg er ikke sikker på om vi i det hele tatt får med oss noen på tur.*
*Vedlagt ligger kart over det aktuelle området. Mye av det ligger i landskapsvernområdet, men kyrne befinner seg oftest over tregrensa på dager med godt vær.*



Her er ruta tegna inn på kart av søker.



Området vist i ein mindre målestokk.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

## Verneformål – forskrift

§ 2 Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:
- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forsking med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området - verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Punkt 5.1 Generelt om ferdsel: All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Punkt 5.2 Organisert ferdsel: Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turvreksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.

§2 Formålet med Lordalen landskapsvernområde er å:
- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets egenart.
-ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar lands
-ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
-ta vare på vakker vassdragsnatur.

§ 3 Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Punkt 4.1 Generelt om ferdsel: All ferdsel skal skje varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne. Dyrelivet skal ikkje forstyrrast.

## Forvaltningsplan

Reinheimen nasjonalpark er eit attraktivt område for friluftsliv. Området har ein låg tilretteleggingsgrad, særleg dei austlege områda, og kjensla av ro og harmoni er noko som slår mange som bruker området. Dette kan ha samanheng med at tilretteleggingsgraden er moderat, besøkstala er låge og at landskapet har eit opphavleg og storskala preg. Området kan i liten grad nåast direkte med offentlege transport-middel. Reinheimen har stor verdi for lokalt friluftsliv. Området er verdifullt også for andre enn lokale brukargrupper.

Med direkte heimel i verneforskrifta er det tillate med organisert turverksemd til fots når dette ikkje er til skade for naturmiljøet. Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand.

Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor nasjonalparken kjem også inn under organisert ferdsel. Det er søknadsplikt for anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområde og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate. I dag er ferdsla i området begrensa, slik at organisert ferdsel generelt ikkje er eit trugsmål for naturmiljøet. Organisert ferdsel som ikkje skadar naturmiljøet er derfor ikkje søknadspliktig, men utviklinga må følgjast nøye slik at ferdsla ikkje blir til skade for verneformålet.

For å bidra til at organisert aktivitet i nasjonalparken ikkje skadar verneverdiane, er det viktig at aktørar som tilbyr organisert reiselivsverksemd har kunnskap om vernereglar og verneverdiar i områda.

Lordalen er eit attraktivt område for friluftsliv, både området i seg sjølv og som utgangspunkt for friluftsliv i dei kringliggande fjellområda. Lordalen har stor verdi som område for lokalt friluftsliv. Innbyggarane i Lesja utgjer etter det ein kan sjå den største brukargruppa. Området er verdifullt også for andre enn lokale brukargrupper, men talet på besøkande frå område utafor Lesja ser ut til å vere lågt. Området har ein låg tilretteleggingsgrad, og kjensla av ro og harmoni er noko som slår mange som bruker området. Dette kan ha samanheng med at tilretteleggings-graden er moderat, besøkstala er låge og at landskapet har eit opphavleg preg.

Å sikre område for friluftsliv er derfor eit delmål i området. Villreinen nyttar dei lågareliggande delar av Lordalen som vårbeiteområde, og mykje ferdsel i området i mai og byrjinga av juni, kan få uheldige følgjer for dyra sine behov for ro og næringsrikt beite. Dette gjeld særleg kalveførande simler. Verneforskrifta tek spesielt opp forholdet til landskap, naturmiljø og dyreliv. I Lordalen landskapsvernområde bør ein arbeide for å behalde den profilen friluftslivet hadde ved vernetidspunktet, med låg tilretteleggingsgrad, men med gode forhold for familieaktivitetar og haustingsbasert friluftsliv.

Under kapittelet om reiseliv s 114 står det at: Forvaltningsstyresmakta bør arbeide for at reiselivsutviklinga i området blir natur- og kulturbasert med ein profil for formidling av kunnskap og opplevingar knytt til verdiane i området.

### Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

### Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Med direkte heimel i verneforskrifta er det tillate med organisert turverksemd til fots når dette ikkje er til skade for naturmiljøet. I forfaltningsplanen står det at forvaltningsstyresmakta bør arbeide for at reiselivsutviklinga i området blir natur- og kulturbasert med ein profil for formidling av kunnskap og opplevingar knytt til verdiane i området.

Reisleivsproduktet som Dovre og Lesja aktiv vil skape i Lordalen må i denne samanheng passe godt inn i den oppfordringa. Dei ynskjer å gi ein guida tur retta meir mot norsk landbruk, husdyr og bondekultur. I dagens urbaniserte samfunn kan dette være eit eksotisk tilbod for både

utanlandske, men også til norske turistar. Om det hadde vore tenkt å sjå etter villrein på desse turane, hadde vi ikkje kunne gitt løyve til guidinga. Her er vernereglane klare: *guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområde og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate.*

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.
Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Det er gjennom naturdatabasen god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Villreinen nyttar dei lågareliggande delar av Lordalen som vårbeiteområde, og mykje ferdsel i området i mai og byrjinga av juni, kan få uheldige følgjer for dyra sine behov for ro og næringsrikt beite. Dette gjeld særleg kalveførande simler. Turen går ikkje inn i eit viktig trekkområde for villrein, men det kan være reir med rovfuglar i nærleiken av der stien går. Med hensyn til «føre-var-prinsippet» (§ 9) og «økosystemtilnærming og samla belastning» (§10), sett vi difor som vilkår at guidinga ikkje skal starte før i juli månad. I juli har dei fleste fugleungane forlate reiret og villreinen er ferdig med den sårbare kalvingsperioda. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode, er vurdert til ikkje relevant.

Dette løyvet vil ikkje skape uheldig presedens, då det må gjerast ei særskild vurdering om evt. skadeverknad ved alle liknande søknader ut ifra område, tid på året og kva organisert ferdsel det er tale om.

Aktiviteten er i tråd med forvaltningsplana der det står forvaltningsstyresmakta bør arbeide for at reiselivsutviklinga i området blir natur- og kulturbasert, med ein profil for formidling av kunnskap og opplevingar knytt til verdiane i området. Med dei vilkår som er satt vil ikkje aktiviteten være til skade for verneverdiane, og vi vil være positive til dette reiselivsproduktet.

**Nasjonalparkstyret for Reinheimen**

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2021/4447-4 | Saksbehandlar: | Mari Melbø Rødstøl | Dato: | 21.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 34/2021 | 02.07.2021 |

## Trollstigen Ivo - dispensasjon - etablering av fiskesperre i utløpselva ved Slettvikvatnet - Øvstestøl sæterlag

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, får Øvstestøl sæterlag dispensasjon til å etablere fiskesperre i utløpselva ved Slettvikvatnet.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet er gyldig til 31.12.2023.
- Fiskesperra skal ligge på ein kraftig trestolpe av ubehandla trevirke, ikkje høgare enn 1,2 m over elvebotn.Stolpen skal ligge på ein mur av naturstein og forankringa med vaier må sikre at ikkje fiskesperra blir teken i flom jmf. søknaden.
- Stein til forankring kan takast frå parkeringsplassen ved Slettvikane.
- Ferdig prosjektert tekning av fiskesperra skal sendast og godkjennast av nasjonalparkforvalter før oppsetting.
- Prosjektet må fylgjast opp av fiskebiolog, og prosjektrapport/evaluering skal sendast nasjonalparkstyret for Reinheimen innen 1. desember, tre år etter at fiskesperra er satt opp.
- Forvaltninga kan krevje at installasjonen blir fjerna og at området blir tilbakeført til opprinneleg tilstand, dersom tiltaket er til ulempe og skade for verneverdiane i området. Søkjar må sjølv dekke alt av kostnadar ved opprydding.
- Tiltaket vil bli kontrollert av SNO.

Om det trengs motorisert ferdsel for å få satt på plass fiskesperra, må det sendast ein søknad om dette til nasjonalparkstyret for Reinheimen.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad sendt på e:post 12.04.2021
Rapport: Aurebestanden i Slettvikvatnet av Kjell Langdal 2021.
Uttale frå NVE 19.05.2021
Uttale frå Fylkeskommunen 15.06.2021

## Saksopplysningar



Bilete av Slettvikvatnet ved fylkesveg 63.

Øvstestøl sæterlag søkjer om løyve om å etablere ei fiskesperre i utløpselva ved Slettvikvatnet.

Bakgrunn for søknad er at aurebestanden i Slettvikvatnet er småfallen og har svak kvalitet. Årsaka er etter alt å døme at bestanden er for talrik i høve til produksjonsgrunnlaget, og at dette igjen heng saman med høg rekruttproduksjon på rennande vatn som det er stort areal av. Grunneigarane har bestemt seg for å prøve å betre kvaliteten på fisket slik at det skal bli attraktivt for turistar og fastbuande å fiske i Slettvikvatnet. Ei målsetting for framtidig bestandsituasjon er difor at det i løpet av 2-3 år skal vere mogleg å få fisk på opptil ½ kg og som har god kvalitet. For å få dette til må rekrutteringa til aurebestanden anslagsvis reduserast til ein ¼ av dagens nivå.

Det er gjennomført prøvefiske og utarbeida en rapport av Kjell Langdal, som har kompetanse på fiskebiologi. I rapporten anbefalast det i dette tilfelle å ha opp ei fiskesperre, for å hindre fisk frå å komme tilbake frå Slettvikelva for å gyte. Dette i kombinasjon med utfisking av vatnet, vil føre til betre næringsgrunnlag for fisken i vatnet, og føre til betre vekst og kvalitet. Fiskesperra vil ha form av ei rist med parallelle spiler som har ca. 10 millimeters avstand. Rista vil stå slakt på skrå nedstrøms, anslagsvis ca. 25˚. Rista vil kvile på ein kraftig trestolpe som ligg på tvers av elva ca. 1,1 m over elvebotnen, og ho vil vere festa til ei skinne eller eit kraftig metallrøyr som igjen er festa til elvebotnen . Stolpen vil ligge på ein mur av naturstein på kvar side for å ha stor nok høgde over vatnet. Fiskesperra vil i følgje søkar ikkje endre hydrologiske forhold i elva. Tiltaket vil krevje løyve frå fylkeskommunen etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

I søknaden blir tiltaket forklart slik: *Ved å hindre rekruttar frå Slettvikelva å ta seg opp i vatnet, vil mykje vere vunne med tanke på å sikre ein høveleg tynn bestand. Gyting og oppvekst skjer også i tilløpsbekken nord for vatnet, men arealet er så lite at det synest som om rekruttproduksjonen her vil vere tilstrekkeleg til å sikre det som trengst av årleg rekruttering. Om det skulle vise seg at denne bekken produserer meir rekruttar enn ønskjeleg, er det lettvint å ta ut fisk her ved å gå med håv når det er låg vassføring.*

Nasjonalparkforvaltar inviterte NVE, fylkeskommunen, kommunen, SNO og søkjar til ein synfaring 10.06. NVE kunne ikkje prioritere å komme, men har skreve ein uttale. Dei er skeptiske til dette fysiske inngrepet i Valldøla som er verna.

Utdrag frå NVEs uttale sendt 19.05: *I utløpet av Slettvikvatnet, der den planlagde fiskesperra er skissert, har vatnet ein potensiell vasstandsstigning på 3,52meter. I søknaden står det at fiskesperra vil heva vasstanden i vatnet noko. Er det gjort ei vurdering av den faktiske verknaden på vasstanden? Er vassdraget plaga med isgang på vinteren, som vil kunne påverke fiskesperra? Vi kan ikkje sjå at ev. verknad på flaumtilhøva opp- og nedstraums er vurdert. Utforming og vurdering av effekt ligg til tiltakshavar, både etter plan- og bygningslova (byggherreforskrifta) og vassressurslova §5. Tiltaket framstår som eit tiltak retta mot fiskaren, og ikkje fisken. Valet av fiskesperre framfor garnfiske baserer seg på mengda tid og ressursar som vil vere naudsynt for å oppnå ynskja resultat.*
***Tiltaket er lite, og vil truleg ikkje påverke verneverdiane negativt. NVE vurderer såleis tiltaket til ikkje å krevje vidare handsaming etter reglane i vassressurslova.***
*NVE stiller seg likevel skeptisk til behovet for eit slikt tiltak, og effekten av det. Om kommunen vil tillate ein slik type tiltak etter plan- og bygningslova, bør tiltaket vurderast med omsyn til effekt på flaumtilhøva både rundt vatnet og nedstraums. NVE stiller spørsmål om eit ev. løyve etter lakse- og innlandsfiskelova til å gjennomføre eit slikt tiltak vil kunne føre til fleire liknande søknadar i ettertid – dette bør fylkeskommunen vurdere nærmare. NVE kan ikkje prioritere synfaring 10. juni.*

På synfaringa 10. juni kom Fylkeskommunen representert ved Håkon Slutaas. Han har skreve ein førebels uttale til dette tiltaket i etterkant av synfaringa.

Utdrag frå e-post frå Håkon Slutaas (Møre og Romsdal Fylkeskommune):*Overbefolka fiskevatn er eit vanleg problem i fiskevatn i Møre og Romsdal, med småfallen fisk med dårleg kvalitet på kjøttet og parasitter, med dalende interesse for sike som resultat. Det har lenge vært ønske frå fylkeskommunen med meir fokus på korleis vi kan forbetre kvaliteten på fiskevatna. Forvaltinga har ofte peika på utfisking med garn og ruser, og sperring av gytebekker med ruser for å få ned rekrutteringa i slike vatn. På mange måter er dette tiltaket i tråd med disse anbefalingane. Her er det likevel snakk om ei meir permanent stenging av utløpselva, som NVE peiker på kan gi presedens. Tiltaket kan likevel lett fjernast og har ei godt fagleg forarbeid og god fagleg forankring, det er i tilknyting veg. Samtidig kan gi nyttig erfaring, som kan overførast til bruk av ruser til å sperre gyteelver i andre vatn. Det er derfor viktig at fylkeskommunen haldas oppdatert på utviklinga av fiskebestandane.*

*Fylkeskommunen er derfor positiv til å gi løyve. Dette fordi det er positivt å auke fiskevkaliteten, dette er ei vanleg utfordring i Møre og Romsdal. Prosjektet vil gi verdifull efaring, samtidig som prosjektet er godt fagleg forankra, vatnet er nært vei og tiltaket kan lett reverserast.*

*Prosjektet bør evaluereast etter tre år, å gi løyve for sperringa tinn til tre år i førte omgang vil være aktuelt.*




Bildet er basert på satellittfoto henta frå www.norgeskart.no der lokaliteten til den planlagde fiskesperra er skissert inn ved A. Strukturen på tvers av elva nærare osen er ei rekkje stepsteinar som den regionale avdelinga av Turistforeininga har laga slik at fjellvandrarar lett kjem seg tørrskodd over elva når vassføringa ikkje er for stor. Målestokken til bildet er ca. 1:1300.




Ei skisse som viser korleis tverrsnittet av fiskessperra er tenkt å bli i elveløpet. Den faktiske målestokken i figuren er ikkje 1:20 som er angitt på figuren, men 1:37.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

## Verneformål – forskrift

### *Formål*

Formålet med opprettinga av Trollstigen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart

- ta vare på eit samanhengande område varierande frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Verneregla:
*Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Trollstigen lvo tek for seg friluftsliv: *Mange nyttar området til såkalla haustingsfriluftsliv. Jakt, fiske og bærplukking har lange tradisjonar i heile området. Området bør i framtida halde på den låge graden av tilrettelegging for å ta vare på kultur- og naturlandskapet. Samtidig må ein ta hand om og leggje til rette for ferdsla som den store trafikken langs Rv 63 kan gje, og som ein del kommersielle aktørar kan ønskje å leggje til rette for. Området har stor opplevingsverdi som er knytt til den Trollstigen landskapsvernområde låge tilretteleggingsgraden. Av omsyn til villrein i området er det heller ikkje ønskjeleg med større innretningar og ferdsel som kan forstyrre dyrelivet.*

*Ferdsla i området (her også meint organisert ferdsel) har ikkje eit så stort omfang at det utgjer eit trugsmål for naturmiljøet. Utviklinga må likevel følgjast nøye slik at ferdsel og ferdselsformer som er til skade for naturmiljøet ikkje får utvikle seg.*

## Naturmangfaldlova

Føremålet med tiltaket er ikkje omtala i verneforskrifta som eit unntak nasjonalparksyret kan gje dispensasjon til. Søknaden må derfor behandlast som dispensasjon frå vernevedtak, § 48 i naturmangfaldlova (NML). Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon

eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttes for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet. I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan og naturmangfaldlova § 48 må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7

**Presedens**
I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015

## Vurdering

Vi har eit aukande overbefolkningsproblem i norske fiskevatn. Klimaendringar og ei minkande interesse for utfisking, kan være grunn til dette. Øvstestøl sæterlag har i nokre år hatt eit samarbeid med fiskebiolog Kjell Langdal, for å betre kondisjonen på fisken i nokre av fiskevatna deira. Grunnen til at dei ynsker eit kultiveringsprosjekt ved Slettvikvatnet, er at vatnet ligg så lett tilgjengeleg for folk flest. I søknaden sin beskriv dei det slik: *For turistar på gjennomreise er det at tilgangen er enkel og lettvint. For lokale fiskarar betyr lettvint tilgang til godt fiske at dei vil fiske meir, noko som betyr at trivselen vil auke. Ein må også rekne med at dette vil bidra til å auke rekrutteringa til fiske som fritidsaktivitet hos nye generasjonar. Prosjektet vil og vere godt eigna til formidling av kunnskap og utfordringar.*

Kjell Langdal har laga ein tilstandsrapport over aurebestanden i Slettvikvatnet og ein ser at aurebestanden i Slettvikvatnet er småfallen og har svak kvalitet. Årsaka er etter alt å døme at bestanden er for talrik i høve til produksjonsgrunnlaget, og dette igjen heng saman med høg rekruttproduksjon på rennande vatn som det er stort areal av. I rapporten anbefalast det i dette tilfelle difor å ha opp ei fiskesperre, for å redusere tal rekruttar til vatnet.

NVE stille seg kritisk til tiltaket i Valldøla som er eit verna vassdrag, og spør om det er gjort ei god nok vurdering på den faktiske verknaden på vasstanden.

I ei uttale frå Fylkeskommunen er tiltaket beskrive som positivt: *Overbefolka fiskevatn er eit vanleg problem i fiskevatn i Møre og Romsdal, med småfallen fisk med dårleg kvalitet på kjøttet og parasitter, med dalande interesse for fiske som resultat. Det har lenge vært ønske frå fylkeskommunen med meir fokus på korleis vi kan forbetre kvaliteten på fiskevatna. Forvaltinga har ofte peika på utfisking med garn og ruser, og sperring av gytebekker med ruser for å få ned rekrutteringa i slike vatn. På mange måter er dette tiltaket i tråd med disse anbefalingane. Her er det likevel snakk om ei meir permanent stenging av utløpselva, som NVE peiker på kan gi presedens. Tiltaket kan likevel lett fjernast og har ei godt fagleg forarbeid og god fagleg forankring, det er i tilknyting veg. Samtidig kan gi nyttig erfaring, som kan overførast til bruk av ruser til å sperre gyteelver i andre vatn. Det er derfor viktig at fylkeskommunen haldast oppdatert på utviklinga av fiskebestandane.*

*Fylkeskommunen er derfor positiv til å gi løyve. Dette fordi det er positivt å auke fiskevkaliteten, dette er ei vanleg utfordring i Møre og Romsdal. Prosjektet vil gi verdifull erfaring, samtidig som prosjektet er godt fagleg forankra, vatnet er nært vei og tiltaket kan lett reverserast.*

Det finns ikkje heimel i forskrift for Trollstigen lvo til å gjennomføre dette tiltaket. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Vi vurderer dette tiltaket til å ikkje skape uheldig presedens. Dei fleste fiskevatn ligg ikkje atmed fylkesveg, parkering, toalett og avfallshåndering som i dette tilefellet. Her er det og kopla på ein fiskebiolog som bidrar med faglig kompetanse i dette kultiveringstiltaket. Fylkeskommunen er interessert i den erfaringsbasert kunnskapen, som det blir krevd at søkjar sender forvatninga i ein evaluering etter tre år.

Tiltaket må og vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.
Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Det er gjennom naturdatabasen god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. I vilkåra som er sett for tiltaket, tek vi omsyn til føre var prinsippet jmf. § 9. Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring i verneområdet.Ved fjerning av fiskesperra, kjem ein tilbake til opprinnelege forhold med ein gong. Siden vatnet ligg i nærleiken av ein etablert parkeringsplass, vil det ikkje bli parkeringsproblem ved å markedsføre fisking ved dette vatnet. Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt på seg drift av eit toalett som skal komme opp på nemde parkeringsplass. Saman med ein stor søppelkontainer der, vil vi unngå forsøpling. Om ein når ønska effekt med å lage eit populært fiskevatn for store og små, er det viktig at området har parkering, toalett og avfallshåndering.

Det er satt som vilkår at søkjar skal dekke kostnadar ved fjerning og opprydding jmr. §11 (kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar). § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode, er ikkje relevant i denne søknaden.

Om det trengs løyve til motorferdsel for å sette opp fiskesperra, må dette søkjes om. Slik det vart beskreve på befaringa, ser vi for oss at dette kan løysast uten store maskiner. Forvalninga vil være skeptisk til å gje løyve til maskinell graving og bruk av større maskinelt utstyr for å sette opp denne fiskesperra.

Ut i frå ei totalvurdering meiner vi at omsøkt tiltak ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og påverkar ikkje verneverdiane nemneverdig. Med vilkår om at forvalntinga skal få rapportar og evaluering frå dette tiltaket, vil dette kunne gje ny kunnskap og erfaring som fiskeforvalntninga kan gjere seg nytte av andre stadar.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2020/8174-8 | Saksbehandlar: | Kristine Sørlie | Dato: | 23.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 35/2021 | 02.07.2021 |

# Trollstigen LVO - Dispensasjon - gjetarbu i Steindalen - Hans Martin Gjedrem

## Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) får Hans Martin Gjedrem avslag på søknad om gjeterbu i Steindalen.
Gjeterbua er konstruert som ei laftekasse, har ei utforming som vil verke skjemmande i landskapet. Plassering av byggverket er i ubebygd område, og skal etter vernereglane ikkje gjevast løyve til.
Det er heller ikkje opna for at enkeltbrukarar kan få dispensasjon til å sette opp gjetarbu i verneområdet.
Tiltaket er til ulempe for verneverdiane, og strider mot verneføremålet.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Rapport Miljødirektoratet – ulovleg oppsatt jaktbu 08.07.20
- Varsel frå Nasjonalparkstyret om mogleg pålegg om retting etter naturmangfaldlova § 69, 21.12.20
- Fråsegn om førehandsvarsel frå Hans Marting Gjedrem, 11.01.21
- Søknad om bygging av gjetarbu i Steindalen frå Hans Martin Gjedrem, 17.05.21, journalført 23.06.21

## Saksopplysningar

Hans Martin Gjedrem søkjer om etterfølgjande dispensasjon for bygging av gjetarbu i Steindalen innafor Trollstigen landskapsvernområde. Søknaden er datert 17.05.21, men er jornalført og mottatt forvaltar 23.06.2021.

I søknaden står følgjande:
*«På felles utmark med gardsnummer 17 i Fjord kommune er det aktiv beitenæring i Steindalen/Grøndalen. Vi er ein del av Valldal og Fjørå beitelag. Det er om lag 500 sau på beite i området. Det er to bønder som nyttar området til beiting. Det er krav til mykje tilsyn av dyra og med dei høvande forholda som er i dagens område ser ein viktigheita av å ha ei lita gjetarbu sentralt i beiteområdet. Det er ikkje mobildekning i Steindalen og for å sikre HMS i arbeidet ser ein stor verdi med å ha ei bu kor ein kan søke ly om det skal vere behov for det. Med dagens situasjon i Steindalen der det er eit stort press på næringa grunna rovdyr har tilsyn til dyra endra både behov og karakter. Det blir gjort meir tilsyn og til alle døgnets tider. Det er og gitt skadefellingsløyve på jerv i området og då vil ei slik bu kunne nyttast av kommunalt fellingslag. Bua vil bli plassert på v33 118857 6934319 i Steindalen. Det er om lag 450 meter frå grensa til nasjonalparken. Det blir ikkje gjort noko form for fundamentering på botn. Bua er på totalt 2,2m2. Det er ei enkel lafta kasse utan bruk av spiker. Om det blir slutt på aktivt beitebruk vil*

*bua bli fjerna.»*






Til søknaden er det lagt ved ei signert stadfesting frå Valldal og Fjørå beitelag, om at det vart sett opp ei bu i Steindalen i 2014, der to medlemmar i beitelaget har beitedyr.



Gjeterbu/ sankebu i Steindalen Valldal 15.05.21

Valldal og Fjørå beitelag bekrefter med dette at det i 2014 vart sett opp ei bu i Steindalen som nyttast i aktivt beitebruk. Det er to medlemmar i laget som har beitedyr i området kor bua er sett opp.

Valldal og Fjørå beitelag

<u>Historikk i saka:</u>
SNO har 08.07.20 sendt ein rapport til nasjoanlparkstyret, med dokumentasjon på ein ulovleg oppsett jaktbu i Steindalen. Jaktbua er av SNO målt opp til 2,2 m2 og ligg mellom DNT-stien og Steindalselva ca 2 km innafor vernegrensa til Trollstigen lvo, og ca 500 meter frå vernegrensa til Reinheimen nasjonalpark.

Vedlegg: I202019271Jaktbu i Steindalen 23 (2).jpg



Nasjonalparkforvaltar med signatur frå styreleiar, sendte 09.11.20 eit varsel om mogleg pålegg om retting av ulovleg oppsatt jaktbu i Steindalen, etter at det vart kjent at Hans Martin Gjedrem hadde sett opp byggverket. Etter forvaltningslova § 16, skal eit mogleg pålegg etter naturmangfaldlova § 69 alltid varslast, og det skal gjvast høve til fråsegn. Hans Martin Gjedrem fekk frist 11.01.21 til å gje fråsegn i saka.

Nasjonalparkstyret mottok merknader og ei orientering frå Hans Martin Gjedrem innnan fristen 11.01.21, der det gjekk fram at laftekassa vart satt opp i 2014 som kombinert gjetarbu/jaktbu, og at det var ønskje om å søke om tiltaket for vurdering av etterfølgande dispensasjon. Forvaltar sendte derfor ein e-post 11.02.21 for å orientere om vernereglane, og informasjon om at det er beitelaget som må stå som ansvarleg søkjar for oppføring av beitebuer i verneområdet, og ikkje enkeltbrukar. I e-posten ble det og presisert at behovet skal være godt dokumentert, ved t.d. landbruksfaglege uttale frå kommunen.

Søknaden frå Hans Martin Gjedrem skal behandlast som om tiltaket ikkje er gjennomført.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

## Verneformål – forskrift

§ 2 Formål:
*«Formålet med opprettinga av Trollstigen landskapsvernområde er å:*
*- ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*
*- ta vare på eit samanhengande område varierande frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen*
*- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer*
*Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Etter verneforskriften § 3, pkt. 1.1 er området verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.
*«Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.»*

Jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:
a) *Oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- eller seterformål.*
b) *Oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn.*

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 70 og 71 står det følgjande om byggeskikk og nye bygg til jordbruks- og seterføremål:
*Byggjeskikk § 3, pkt 1.3*
*Den lokale rettleiaren for Norddal, samt kjenneteikna som er skissert i dette kapittel skal følgjast ved nybygging, ombygging, tilbygg og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.*
*Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3 a, b.*
*Etter søknad kan det gjevast løyve til å setje opp nye bygningar til jordbruks- og seterformål.*

*Dette kan vere*
*- seterhus der slike ikkje finst*
*- buer til bruk for tilsyn med dyr på beite i regi av beitelag*
*- hus til avlingar og husdyr eller andre nødvendige bygningar til jordbruksformål*
*Ved søknad skal det leggast vekt på om eksisterande bygningsmasse i området kan nyttast, framfor å byggje nytt. Som ved vedlikehald og ombygging, skal nybygg følgje lokal byggjeskikk for vedkommande kommune, jfr rettleiinga for lokal byggjeskikk i Norddal og kjenneteikna for den lokale byggjeskikken.*
*Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksføremål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.*
*Ved søknad om bygging på tufter eller ved nedfalne bygningar som ikkje er utsett for naturskade, skal ein rekne dette som nybygg.*
*Ved søknad skal forvaltningsstyresmakta ta omsyn til utforming av inngrepa.*

### Naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter prinsipp for offentleg avgjerd, jf. nml §§ 8–12 (kunnskapsgrunnlag og miljørettslege prinsipp).

### Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Utmarksbeiting er ein viktig faktor for å oppretthalde naturverdiane i verneområdet, der eit variert biologisk mangfald er ein vesentleg del av landskapets eigenart.

Verneforskrifta har teke høgde for at det kan søkast nasjonalparkstyret om løyve til oppføring av nødvendige bygningar i regi av beitelag til beitebruk og tilsyn. Det er lagt til grunn at landbruksnæring knytt til utmarksbeite skal kunne halde fram som før. Søkjaren har sau på utmarksbeite i Steindalen/Grøndalen, og er saman med ein annan beitebrukar ein del av Valldal og Fjørå beitelag. Det går det fram av søknaden at det ikkje er Valldal og Fjørå beitelag som ansvarleg søkar, men eit enkeltmedlem i sankelaget. Beitelaget har heller ikkje grunngjeve eit konkret behov for beitebu i Steindalen, men har i vedlegg til søknaden stadfesta at det er oppført ei bu i Steindalen i 2014. Det er av den grunn tvil om kva det reelle behovet er for ei ny felles beitebu i området.

Steindalen er ein inngang til Reinheimen nasjonalpark der det er DNT-merka sti til Tjønnebu og vidare mot Vakkerstølen. Foto under vises seterbygningane på Steindalsstølen som ligg rett innafor vernegrensa i oppstigninga til Steindalen.







Bygget som det er søkt om ligg innafor Steindalsstølen i ope fjellandskap på ca 700 m.o.h., som foto under viser.



Det er søkt om å sette opp ei laftekasse på 1,7 x 1,3 m, med takhøyde 1,6 m, og den vil neppe fungere særleg godt for å sikre HMS i arbeidet, eller dekke eventuelle behov for overnatting under tilsyn med beitedyr. Utforminga er eit enkelt skjul med kikkertopning på eine langveggen mot nord, og framstår ikkje som ei fellesbu som kan nyttast av fleire i eit organisert beitelag, jf. foto t.h.



Når det gjeld behov for bua i samband med skadefellingsløyve på jerv, er det lite relevant formål da det gjeld akutte skadesituasjonar. I forvaltningsplan er det ikkje teke høgde for å gje løyve til jaktbuer i samband med skadefellingsløyve av jerv. Forvaltar har også fått informasjon frå SNO om at det er jervebås på Grønningsæter lenger ut i dalen, og at det blir lagt ut åte på Øvstestølen i samband med evt. lisensjakt på jerv i område.

Når det gjeld byggjeskikk er ikkje frittståande laftekasser i fjellet ein ikkje kjent med at det er ein del av den lokale bruken eller byggjeskikken. Forvaltningsplan viser til den lokale byggeskikksveilederen som er utarbeidd for Norddal kommune (no Fjord kommune). Når det gjeld bygningar i fjellet, så er ikkje buer omtala, men stølshusa er skildra i veilederen som verdifulle for landskapsverdiane.

I forvaltningsplan er og nye bygg for jordbruks- og seterformål i landskapsvenrområde vurdert strengt, da det står på s. 71 at det ikkje blir gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område. Tiltaket er i snaufjellet ovanfor seterhusa i området, og vil vera i strid med verneverdiane. Ansvarleg søkjar er heller ikkje i regi av beitelaget, og kan etter vernereglane ikkje få løyve til tiltaket.

Dersom ein gir dispensasjon skal ein vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I Reinheimen nasjonalpark og tilknytte landskapsvernområde er det totalt 14 beitelag, og i 2018 var det sleppt over 22 356 dyr på utmarksbeite. Av dette er det over 20 000 sau/lam, og resten fordelt på storfe, geit og hestar. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at mange andre enkeltståande brukarar kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade, dersom ein gir dispensasjon.

Etter vernet i 2006 er det sett opp 4 beitebuer i Reinheimen, men i regi av organiserte beitelag i kommunane Skjåk, Rauma (Ulvådalen sausankelag) og Lesja. Det er god oversikt over beitenæringa i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde, og vernereglane har vurdert slike behov i forvaltningsplanarbeidet med krav om at det er organiserte beitelag som skal være ansvarleg for nye buer i samband med beitetilsyn.

Utifrå ei samla vurdering det fleire forhold som taler mot å gje dispensasjon til å sette opp byggverket det er søkt om. Laftekassa er ikkje ein del av den lokale byggjeskikken i området, og har ei plassering som er lite tenleg. Sjølv om laftekassa dekkast til, vil den stå fram som skjemmande i landskapet. Ved å gje dispensasjon til at enkeltbrukarar får sette opp nye byggverk vil det også kunne skape uheldig presedens som utholar vernereglane. Det er heller ikkje opna for å bygge skul/jaktbuer i samband med skadefellingsløyve på jerv.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2021/6015-2 | Saksbehandlar: | Mari Melbø Rødstøl | Dato: | 12.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 36/2021 | 02.07.2021 |

# Romsdalen LVO - dispensasjon - 2021 - oppsetting av gjerde / utmarksnetting rundt hytte - Trollhaugen gbnr 82/27 - Jan Steinar Grøtta

## Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen lvo §3, pkt 1.3, bokstav i), får Jan Steinar Grøtta avslag på å gjerde inn hytteeigendommen gnr. 82, bnr. 27 i Brøstdalen.
Jan Steinar Grøtta får med heimel i verneforskrift for Romsdalen lvo §3, pkt 1.3, bokstav c), dispensasjon til å sette opp gjerde kring terrassen/plattingen på baksida av hytta.
<u>Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:</u>

- Frist for gjennomføring av tiltaket er 01.10.2024.
- Gjerdet må følgje dei eksisterande kantane til plattingen som ligg på baksida av hytta.
- Gjerdet må være av tremateriale og det må målast/beises i samme farge som hytta.
- Gjerdet kan ikkje være høgare enn 1m.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Søknad 18.05.2021 på e-post frå Jan Steinar Grøtta.

## Saksopplysningar

Jan Steinar Grøtta søkte om å få sette opp eit gjerde rundt hytteeigendommen sin i Brøstdalen for å halde unna sau på beite. Han har allereie satt opp nokre gjerdestolpar og var tenkt å sette opp eit nettingjerde rundt heile eigendommen. Han vart oppmerksom på at dette var søknadspliktig og sendte ein søknad på e-post 18. mai. Etter ein telefonsamtale med Jan Steinar Grøtta, fekk vi vite at han strevde med møkk på plattingen som var bak hytta og at sau kunne ta seg inn til den lille verandaen ved inngangspartiet. Inngangspartien kunne han fint fikse ved å sette opp ein stengsel når han ikkje var på hytta, og han ville bli nøgd om han kunne få satt opp eit gjerde rundt plattingen.



Alle foto: SNO ved Thomas Rødstøl

### Søknaden

*Jeg søker hermed om oppsetting av gjerde rundt hytta Trollhaugen g.nr.82, br.nr.27 som ligger i Romsdalen LVO. For å få sauene bort fra husveggene rundt hytta og uthus samt inngangsparti søkes det om at gjerdet går fra nedsatte bytesteiner i alle 4 hjørner på tomten. Tomta er eiet og er på ca. 1 mål. Som gjerde er det tenkt brukt vanlig sauenetting/ utmarksnetting med runde 8 cm tykke stolper, og grind på veien inn til hytta, samt snal grind på stien mot fjellet.*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

**Søknaden er vurdert i samsvar med:**
- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

### Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Ein del av verneområdet har verdi som leveområde til villreinen i Ottadalen. Området har også

geologiske verneverdiar og dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement. Etter verneformålet skal ålmenta ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv.

§3 punkt 1.1 Inngrep i landskapet
Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.
Punkt 1.3.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

c) Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.
i) Gjerding i utmark og bygging av sankekveer.

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen utdypar §3 .Alle former for fasadeendringar som fører til endra bruk av bygget er søknadspliktige. Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring, vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i forhold til omgjevnadene og om fasadeendringa vesentleg endrar bygget sin karakter. Døme på slike endringar kan vere val av skarpe fargar til utvendig måling.
Når det gjeld bokstav i, (gjerding og sankekveer), står det i forvaltningsplana at:
**det ikkje blir opna for å gjerde inn hytter og buer.**

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad. Presedens

### Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.
Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Det står presisert i forvaltningsplana til Romsdalen landskapsvernområde at det ikkje blir opna for å gjerde inn hytter og buer. Jan Steinar Grøtta hadde i utgangspunktet planlagt å gjerde inn heile hyttetomta på vel 1 mål. Etter ein samtale med Jan Steinar Grøtta kjem det fram at han vil bli nøgd om han får gjerde inn plattingen sin. Det er dette området dei brukar å være på når dei er ute.
Eit lite gjerde rundt plattingen vil verken skjemme hyttas fasade eller føre til at ein privatiserar utmarksarealet. Plattingen høyrer med til sjølve bygget, og med same farge som hytta, vil dette være ein naturleg del av hytta. Det er lett at dyra legg seg til hytteveggane og skit på plattingen.

Det vil nok være til stor nytte for hyttegeiaren om ein kan hindre at sau tek seg inn på plattingen.
Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.
Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbasen. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Presedensvurderinga er ein viktig bakgrunn for å avslå søknaden om å sette opp eit gjerde rundt heile eigendommen. Det er mange hytter i Brøstdalen som kan komme til å søke om det samme. Eit av verneformåla til landskapsvernområdet er at ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv. Om alle hytteeigendommane i Brøstdalen blir inngjerda, vil dette belaste den frie ferdselen i utmark. Ein vil lett føle at ein bevegar seg på privat og ulovleg grunn, om ein passerar eit oppsett gjerde rundt ein hytteeigendom. Ved å avslå søknaden om å sette opp gjerde rundt heile hytteeigedommen fylgjer vi såleis føre var prinsippet, jmf. nml § 9.
Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring i verneområdet. Eit gjerde rundt sjølve plattingen vil ikkje føre til meir privatisering og heller ikkje skade verneverdiane i landskapsvernområdet. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er vurdert til ikkje relevant.

Når Jan Steinar Grøtta var nøgd med å gjerde inn plattingen sin på baksida av hytta, var dette ein fin løysing. Eit enkelt tregjerde rundt sjølve plattingen vil ikkje føre til meir privatisering enn om plattingen var utan eit gjerde.
Ut i frå ei totalvurdering meiner vi at eit gjerde rundt plattingen ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og påverkar ikkje verneverdiane nemneverdig.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2019/15334-17 | Saksbehandlar: | Mari Melbø Rødstøl | Dato: | 24.06.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 37/2021 | 02.07.2021 |

# Romsdalen lvo - Godkjenning av skjøtselsplan for Gravdehaug og Nørdre Sælen

## Innstilling frå forvaltar

Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenne vedlagt dokument «Skjøtselsplan for Gravdehaug i Romsdalen landskapsvernområde» datert 31. mai 2019. Vedtaket er gjort med heimel i vedtekt for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 8.2, jf naturmangfoldlovens § 47.
Godkjent skjøtelsplan vil danne grunnlag for skjøtelsavtalar og søknad om midlar gjennom den årlege bestillingsdialogen med Miljødirektoratet.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Utkast til Skjøtselsplan for Brøstdalen 31.05.2019.
Høyringsbrev 30.08.2019

## Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har forvaltningsansvaret for Romsdalen Landskapsvernområde, og starta opp arbeidet med revidering av skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen, sommaren 2018. Miljøfagleg utredning (MU) fekk i oppdrag å utarbeide skjøtselsplanar, som nå er lagt ut på høyring.
Gravdehaug slåttemark er ein del av kulturlandskapet i Romsdalen landskapsvernområde, og er ein av Rauma sine vakraste og finaste slåtteengar. Slåtteenga er artsrik og velutvikla botaniske sett, og er generelt ein sjeldan og trua naturtype som er verd å ta vare på for å oppretthalde den gode tilstanden.
Det er aktiv bruk med slått og beite over tid, som har forma kulturlandskapet og gjeve landskapet eigenart. Målet med skjøtselsplan er å oppretthalde kvalitetane i kulturlandskapet, og restaurere areal som har fått redusert kvalitet. Det er gjennom skånsam bruk av kulturlandskapet at artsmangfald og dei skjøtselspåverka naturtypane kan takast vare på.
Skjøtselsplanane skal såleis gje forvaltninga eit godt grunnlag for å kunne prioritere konkrete skjøtselstiltak i verneområda som gir størst effekt for å ivareta naturtypar og artsmangfaldet for framtida.

**Arbeidsform og framdrift**

- Oppstartsmøte og synfaring på Gravdehaug og på Nørdre Sælen 09.07.18, med lokale aktørar, grunneigarar og brukarinteresser i området.
- feltarbeid og kartlegging sommar 2018, MU.
- Oppsummering av feltarbeid, 30.11.18, forvaltarar, SNO, MU.
- 1. utkast skjøtselsplan, 15.12.18, MU.
- Presentasjon av skjøtselsplanar på styremøte i Reinheimen 18.03.19, MU.
- Gjennomgang skjøtselsplanar 20.05.19, forvaltar, SNO, MU.

- Høyring med høyringsfrist 11.november 2019.

**Oppbygging av skjøtselsplan**
Kap.3 inneheld ein plan for området, med forvaltningsstatus, skildring av naturtypelokaliteten av landskapet, dagens bruk og brukshistorie, bevaringsmål og skjøtselstiltak for Gravdehaug.
Kap. 4 inneheld ei stutt skildring og forslag til oppfølging av slåttemark på Nørdre Sælen.
Forslag til skjøtselstiltak er basert på faglege vurderingar og innspel frå brukarar.
For gjennomføring av konkrete skjøtselstiltak vil ein vera avhengig av tett og godt samarbeid med lokale brukarar/aktørar og tilgjengelege ressursar.

Vi mottok ingen høyringuttale til denne skjøtselsplana.

# Heimelsgrunnlag

## Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

## Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet. Kulturminne, villrein og geologiske landskapsformer har og eigne formålspunkt. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av tilrettelegging.

## Forvaltningsplan

*Romsdalen er eit nasjonalt viktig kulturlandskap der omsynet til biologisk mangfald og dei visuelle kulturlandskapselementa skal bli vektlagt.*
*Skjøtselstiltak som skal settes i gang bør være ei oppfølging av tidlegare driftsformer og skjøtsel, t.d. ønskjeleg at gamle slåttemarker blir slått med lett reiskap framfor skjøtsel med beitedyr.*

## Naturmangfaldlova

Skjøtselsplan for Gravdehaug er i sin heilheit innretta for å ta være på biologiske verdiar og det er ikkje funne relevant å vurdere skjøtselsplanen etter naturmangfoldlovens miljørettslige prinsipper i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jamfør § 7.
Naturmangfoldlovens § 47 om skjøtsel i verneområder
*«I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak. Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.*

*Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig (211) varsles på forhånd.*
*Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren. Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.»*

### Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Heilskaplege kulturlandskap som blir skjøtta på tradisjonelt vis, er i tilbakegang i Norge. Alle dei seminaturlige naturtypane er klassifisert som trua på Norsk rødliste for naturtyper 2018 (Hovstad mfl. 2018). Det er opphør av bruk som fører til gjengroing, som er vurdert å være den største trusselen for denne naturtypen (Hovstad mfl. 2018).
Gravdehaug slåttemark er ein del av kulturlandskapet i Romsdalen landskapsvernområde, og er ein av Rauma sine vakraste og finaste slåtteengar. Slåtteenga er artsrik og velutvikla botaniske sett, og er generelt ein sjeldan og trua naturtype som er verd å ta vare på for å oppretthalde den gode tilstanden og området blir verdsatt til A (svært viktig).
Miljøfaglig Utredning AS har utarbeida forslag til skjøtselsplanar for slåtteeng på Gravdehaug i Romsdalen landskapsvernområde. Samtidig er lokaliteten Nørdre Sælen kort omtalt med skjøtselstilrådingar. Planen er basert på tidligare registreringar, tidligare skjøtselsplan for Gravdehaug og feltregistreringar i tilknyting til synfaring på begge lokalitetene.
Som skjøtselstilak er det tilrådd sein slått kvart år, og at nasjonalparkforvalter inngår avtale med lokal grunneigar eller lokal entreprenør.
Forvalter legg til grunn at ein godkjent skjøtselsplan vil styrke søknad om midlar til skjøtsel, Det vil være viktig at nasjonalparkstyret følgjer opp skjøtelsplana med tilstrekkelege ressursar, både i oppfølginge av bevaringsmål og med midlar til dei konkrete skjøtelstiltaka for at det biologiske mangfoldet knytta til kulturlandskapet opprettholdes.

Forvalter tilrår at Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenn det endelege utkastet til skjøtselsplan for Gravdehaug i Romsdalen lvo datert 31.05.2019.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

# Saksframlegg

| Arkivsaksnummer: | 2020/12408-5 | Saksbehandlar: | Mari Melbø Rødstøl | Dato: | 31.05.2021 |
|---|---|---|---|---|---|

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Nasjonalparkstyret for Reinheimen | 38/2021 | 02.07.2021 |

# Reinheimen NP - Romsdalen LVO - avslag - bruk av kommersielt merke - 2021 - Magnhild Vik

## Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vurderer det slik at Magnhild Vik ikkje innfrir kriteria for å få kommersielt merke for Reinheimen nasjonalpark.

Grunngjeving:
I styrevedtak ST 11/2021 vedtatt 12.03.2021, vart det satt kriteria for å kunne ta i bruk kommersielt merke for Reinheimen nasjonalpark.
Eit av punkta tar for seg produkt som blir teken ut av nasjonalparken:
- logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.
**- Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.**
Øyredobbane som Magnhild Vik ynskjer å sette Reinheimen NP logo på er laga av stein som er tatt ut frå verneområdet. Produktet innfrir difor ikkje kriteria som vart satt til bruken av logoen i Reinheimen nasjonalparken.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Søknad frå Magnhild Vik på e-post 03.11.2020.
Styrevedtak gjort 12.03.2021 av Reinheimen nasjonalparkstyre (ST 11/2021).

## Saksopplysningar

Magnhild Vik søkte 03.11.2020 om å kunne nytte nasjonalparkens logo på sine øyredobbar frå «Mannen raset». Vi utsette å behandle saka til vi fekk laga eigne kriterie for bruk av det kommersielt merke for Reinheimen nasjonalpark. 12.03.2021 fekk vi ei behandling av kriterie for bruk av det kommeriselle merket for Reinheimen Nasjonalpark.

Magnhild Vik plukkar stein i raset nedanfor Mannen, som ligg i grensa mellom Reinheimen nasjonalpark og Romsdalen landskapsvernområde. Steinen knuses for å lage øyredobbar til kommersielt sal. Ho ynskjer å kunne sette nasjonalparkens logo på desse produkta, då ho meiner dette vil gje produktet ein meirverdi. Magnhild Vik argumenterte i søknaden med at;

*øyredobbane eit godt alternativ til masseproduserte troll, laga ein anna plass, også til sals i* ***heile Norge. Denne ideen og produktet fører til lokal verdiskaping og sysselsetting som er bra*** *for Rauma. I forhold til mulegheita for å få bruke nasjonalpark - logoen på produktet, hadde det gitt produktet ein stor ekstraverdi, og det hadde blitt eit minne frå nasjonalparken som er ekte.*

Magnhild har og sendt søknad om løyve til uttak av stein frå raset på ca. 10 kg. Dette ble vurdert til å være så lite at det ikkje var søknadspliktig.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

### Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å *ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forsking med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging.*

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. *å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet.*

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

## Vurdering

Magnhild Vik søkte 03.11. 2020 om å kunne nytte nasjonalparkens logo på sine øyredobbar frå «Mannen raset». Vi utsette å behandle saka til vi fekk laga eigne kriterie for bruk av kommersielt merke for Reinheimen nasjonalpark. 12.03.2021 fekk vi ei behandling av kriterie for bruk av det kommeriselle merket for Reinheimen Nasjonalpark. Eit av kriteria som vart vedtatt for å få det kommersielle merket, var dette:
*Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.*
Ein av bakgrunnane for punktet om at ein ikkje kan sette nasjonalparkens logo på produkt som steiner, rekved, fallgevir, lav osv. (som reknast som lite fornybart), er bl.a. ringverknader dette kan skape. Blir det populært å ha med seg ein suvenir frå nasjonalparken, kan vi risikere at fleire ynskjer å plukke steinar mm. frå nasjonalparken.
I forskrift for Reinheimen nasjonalpark står det at det ikkje er lov til å fjerne større stein og blokker. I reglane for Romsdalen landskapsvernområde finns ingen reglar mot å fjerne stein,

men området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.
I brev til Magnhild Vik datert 13.11.2020 skrev vi dette som svar på spørsmål om uttak av stein til kommersielt bruk.
*Reglane forbyr difor ikkje å ta med seg mindre stein ut frå verken nasjonalparken eller landskapsvernområdet. Raset der søkjar har plukka stein og ynskjer å kunne plukke stein framover vil stadig vere i endring på grunn av nye ras frå fjellsida. Å plukke små stein nokre få gonger frå forskjellige stader i raset, vil heller ikkje påverke verneverdiane verken i landskapsvernområdet eller i nasjonalparken.*
*Vi ser det derfor slik at plukking av enkelte små steinar i liten skala, slik søkjar har gjort til no, ikkje er søknadspliktig etter verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark og Romsdalen landskapsvernområde.*
*Dersom uttaket av stein aukar i omfang, slik at det blir sår i landskapet, evt. at det spreier seg slik at fleire aktørar startar med det same, må vi vurdere saken på nytt. Vi vil då be om at det søkast om ei bestemt mengde som er ynskjeleg å ta ut.*
Det som avgjer denne saka er ikkje inngrepa som Magnhild Vik gjer ved å plukke nokre få steinar, men ringverknaden dette kan få. I tillegg til at dette kan skape ein interesse for produkt som blir tatt ut av verneområda, er vi redd for at omdømme til merkevara kan bli svekka. Nokon vil nok reagere på at produkt som er tatt ut av eit verna område, får ha nasjonalparkens logo på seg.
Denne saka kan og skape presedens. Det er ei stor auke i turismen rundt Reinheimen, spesielt i vest. Magnhild Vik skriv i søknaden at ho har vore i kontakt med bl.a. Romsdalsgondolen som gjerne ynskjer å selje produkta hennar. Denne ideen om å selje produkt frå nasjonalparken, kan gje idear til andre gründerar som ynskjer å gjere det same. Vi kan ikkje tillate logo på eit produkt frå Nasjonalparken og ikkje til nokre andre som ynskjer å gjere det same. Det er viktig at vi fylgjer kriteria som nasjonalparkstyret har satt for dette. *Logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad. Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.*

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.
Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Det er gjennom naturdatabasen god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Når det gjeld kriteria for bruk av det kommersielle merket, har vi nasjonale retningslinjer og nasjonalparkens egne kriterie som vart satt tidlegare i år. Føre-var-prinsippet (§ 9) er eit viktig argument for å seie nei til å sette logo på dette produktet. Vi er usikre på kva for ringverknadar dette vil gje. Dette kan skape ein interesse for at andre vil ta med seg ein suvenir frå nasjonalparken jmf § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning". §11 om kostnad ved miljøforringelse skal beres av tiltakshavar og § 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er vurdert til ikkje relevant.
Av hensyn til kriteria, presedensverknadar og for å være føre var, får Magnhild Vik avslag på søknaden om å kunne bruke nasjonalparkens kommersielle merke til bruk på steinøyredobbane sine.

## ST 39/2021 Orienteringar

- Presentasjon av nye nettsider til Nasjonalparkstyret for Reinheimen
  Lenke til dei nye nettsidene: https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen
- Kommunikasjonsprosjekt med Nasjonalparkriket Reiseliv AS – Besøksstrategi
- Neste styremøte
- Rådgjevande utval

- Evt.